



Møteinnkalling

Utval:	Tysnes kommune, Kontrollutvalet
Møtestad:	Rådhuset, Møterom Lunde
Dato:	09.02.2023
Tid:	10:00

Dersom nokon av medlemmene ikkje kan møte og må melde forfall, vert dei bedne om å gjere dette så tidleg som råd er til Helge Inge Johansen, tlf. 402 03 664 eller til Hogne Haktorson, tlf. 911 05 982. Det er planlagt at Helge Inge Johansen møter frå sekretariatet på dette møtet.

Til varamedlemar er denne innkallinga å sjå på som ei orientering.
Dersom det vert aktuelt at varamedlemar må møta, vil det bli gjeve nærmare beskjed.

kontrollutvalsleiar

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Helge Inge Johansen
seniorrådgjevar

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Kopi: Vararepresentantar til kontrollutvalet
Ordførar
Revisor
Kommunedirektør/Rådmann

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off
	Godkjenningssaker		
GK 1/23	Godkjenning av innkalling og sakliste		
GK 2/23	Godkjenning av møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 24.11.2022	2022/106	
	Politiske saker		
PS 1/23	Rådmannen orienterer om kommunaløkonomisk berekraft i Tysnes kommune	2022/323	
PS 2/23	Forvaltningsrevisjon av Sjukefråvær og personalforvaltning - oppfølging av handlingsplan	2022/93	
PS 3/23	Forvaltningsrevisjon av Plan- og byggesakshandsaming - handlingsplan	2022/208	
PS 4/23	Forvaltningsrevisjon av informasjonstryggleik og personvern - statusrapportering	2022/324	
PS 5/23	Gjennomgang av møteprotokollar frå andre politiske utval	2022/102	
PS 6/23	Bestilling av kurs frå Deloitte AS	2023/349	
PS 7/23	Årsmelding for kontrollutvalet sitt arbeid i 2022	2022/97	
PS 8/23	Møteplan 2023 for kontrollutvalet	2022/105	
PS 9/23	Eventuelt	2022/95	
	Referat saker		
RS 1/23	VS: Invitasjon til FKTs fagkonferanse 31. mai -1. juni	2022/109	
RS 2/23	VS: Sekretariat for kontrollutvalet frå 01.01.2023.	2022/293	

GK 1/23 Godkjenning av innkalling og sakliste



Tysnes kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Saksframlegg

Saksnr: 2022/106-9
Saksbehandlar: Helge Inge Johansen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Tysnes kommune, Kontrollutvalet	2/23	09.02.2023

Godkjenning av møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 24.11.2022

Møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 24.11.2022 er vedlagt saka.

**Møteprotokoll**

Utval:	Kontrollutvalet
Møtestad:	Rådhuset, Onarheim
Dato:	24.11.2022
Tid:	10:00 – 11:00

Følgjande faste medlemmer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Lorentz Lunde	Leder	KRF
Britt Ersvær	Nestleder	AP
Lars Heine Kåsa	Medlem	SP
Sigvard Michael Madsen	Medlem	H

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Kåre Haugland	Medlem	FRP

Følgjande varamedlemmer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Marit Gunn Dalland	Kåre Haugland	FRP

Andre som møtte:

Namn	Stilling
Helena H. Winkel	Rekneskapsrevisor, Deloitte AS
Kjersti Gjuvsland	Forvaltningsrevisor, Deloitte AS
Helge Inge Johansen	Spesialrådgjevar, Vestland fylkeskommune

Lorentz Lunde
utvalsleiar

Helge Inge Johansen
utvalssekretær

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off
	Godkjenningssaker		
GK 7/22	Godkjenning av innkalling og sakliste		
GK 8/22	Godkjenning av møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 13.10.2022	033	
	Politiske saker		
PS 22/22	Forvaltningsrevisjon av informasjonstryggleik og personvern - prosjektplan	217	
PS 23/22	Kommunaløkonomisk berekraft i Tysnes kommune	219	
PS 24/22	Deloitte presenterer interimrevisjonsrapport for 2022	216	
PS 25/22	Gjennomgang av møteprotokollar frå andre politiske utval	033	
PS 26/22	Eventuelt	033	
	Referat saker		
RS 10/22	VS: FKT -info Oktober 2022	073	
RS 11/22	NKRF sin kontrollutvalskonferanse 2023	085	

Godkjenningsaker

GK 7/22 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll 24.11.2022 - Tysnes kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det kom ikkje merknader til innkalling eller sakslista

Vedtak

Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjent

GK 8/22 Godkjenning av møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 13.10.2022

Saksprotokoll 24.11.2022 - Tysnes kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det var ingen merknad til protokoll frå møte i kontrollutvalet 13.10.2022

Vedtak

Møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet sitt møte 13.10.2022 vart samrøystes vedteke.

Politiske saker

PS 22/22 Forvaltningsrevisjon av informasjonstryggleik og personvern - prosjektplan

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ber Deloitte AS gjennomføra forvaltningsrevisjon av informasjonstryggleik og personvern.
2. Eventuelt korrigert prosjektplan vert å senda til sekretariatet innan 15.12.2022. Kontrollutvalet gjev utvalsleiar i samråd med sekretariatet fullmakt til å godkjenna endeleg prosjektplan.
3. Kontrollutvalet godkjenner samla timetal, inkl. opsjon, i forslag til prosjektplan.
4. Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapporten vert ferdig innan _____, verifisert og inkludert rådmannen sin uttale.

Saksprotokoll 24.11.2022 - Tysnes kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Forvaltningsrevisor orienterte om prosjektplanen, blant anna føremålet, problemstillingar, og metode. Deloitte AS kan ferdigstillast rapporten innan utgangen av mai 2023.

Ut i frå at dato for ferdigstilling av rapporten er tett på det siste møte i kontrollutvalet og kommunestyret før sommarferien, vart kontrollutvalet einig om å gje ein ny leveringsfrist til 15.08.2023. Deloitte vel sjølv om oppstart av prosjektet vert forskjøve etter avklaring med administrasjonen. Timetalet på 280 timar står seg sjølv om leveringsfristen vert endra.

Prosjektplanen vart vedteke slik den ligg føre i saka.

Vedtaket vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet ber Deloitte AS gjennomføra forvaltningsrevisjon av informasjonstryggleik og personvern.
2. Kontrollutvalet godkjenner samla timetal, inkl. opsjon, i forslag til prosjektplan.
3. Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapporten vert ferdig innan 15.08.2023 verifisert og inkludert rådmannen sin uttale.

PS 23/22 Kommunaløkonomisk berekraft i Tysnes kommune

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ber rådmannen kome i første møte i 2023 for å gjere greie for status for kommunal økonomisk berekraft i Tysnes kommune.
2. Utgreiinga kan m.a. innehalde informasjon om status på:
 1. Finansielle måltal
 2. Aktuelle regelverk
 3. Vedlikehaldsetterslepet i kroner på f.eks.:
 - a) Kommunale bygg?
 - b) Kommunale veier, inkludert tunellar og bruer?
 - c) Kommunale kaianlegg?
 - d) Annan kommunal infrastruktur som vatn og avløp
 4. Er det utarbeidd planar for korleis eventuelt vedlikehaldsetterslep skal takast inn att?
3. Kontrollutvalet ber om at notat som grunnlag for utgreiinga vert sendt sekretariatet innan 15.01.2023.

Saksprotokoll 24.11.2022 - Tysnes kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Utvalseiar og sekretær orienterte om saka. Fristen slik det kjem fram i forslag til vedtak vert endra frå 15.01.2023 til 31.01.2023, etter ønskje frå kontrollutvalet om å gje rådmannen noko meir tid på tilbakemeldinga.

Forslag til vedtak med endring i vedtakspunkt 3, vart samrøystes vedteke.

Vedtak

- 1.
2. Utgreiinga kan m.a. innehalde informasjon om status på:
 - 1.Finansielle måltal
 - 2.Aktuelle regelverk
 - 3.Vedlikehaldsetterslepet i kroner på f.eks.:
 - a)Kommunale bygg?
 - b)Kommunale veier, inkludert tunellar og bruer?
 - c)Kommunale kaianlegg?
 - d)Annan kommunal infrastruktur som vatn og avløp
 - 4.Er det utarbeidd planar for korleis eventuelt vedlikehaldsetterslep skal takast inn att?
3. Kontrollutvalet ber om at notat som grunnlag for utgreiinga vert sendt sekretariatet innan 31.01.2023.

PS 24/22 Deloitte presenterer interimrevisjonsrapport for 2022

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar oppsummering etter interimrevisjon 2022 for Tysnes kommune frå Deloitte til orientering.

Saksprotokoll 24.11.2022 - Tysnes kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Rekneskapsrevisor orienterte om resultatet etter interimrevisjonsarbeidet og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

- revisor har møte med administrasjonen gjeldande årsoppgjeret i veke 9 2023.
- kommunen har starta opp arbeidet med nytt økonomireglement.

Forslag til vedtak vart samøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tar oppsummering etter interimrevisjon 2022 for Tysnes kommune frå Deloitte til orientering.

PS 25/22 Gjennomgang av møteprotokollar frå andre politiske utval

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar møteprotokollane som går fram av saksutgreiinga til orientering

Saksprotokoll 24.11.2022 - Tysnes kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Møteprotokollane vart gjennomgått, det kom ikkje fram noko spesielt ved gjennomgang av møteprotokollane.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tar møteprotokollane som går fram av saksutgreiinga til orientering.

PS 26/22 Eventuelt

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

Saksprotokoll 24.11.2022 - Tysnes kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Første møte i kontrollutvalet i 2023

Aktuelle møtedatoar vart diskutert og kontrollutvalet vart einig om at første møte i KU i 2023 vert 09.02.2023.

Møteplanen for 2023 kjem som sak til møte 09.02.2023.

Kurs for kontrollutvalet

Kontrollutvalet ønsker sak om bestilling av kurs frå Deloitte som sak til neste møte.

Vedtak

1. Kontrollutvalet skal ha møte 09.02.2023.
2. Kontrollutvalet ber om at det til første møte i 2023 vert satt opp ei sak om bestilling av kurs for kontrollutvalet.

Referatsaker

RS 10/22 VS: FKT -info Oktober 2022

Saksprotokoll 24.11.2022 - Tysnes kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det kom ikkje fram noko spesielt ved handsaminga av referatsaka.

Vedtaket vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tar referatsaka til orientering.

RS 11/22 NKRF sin kontrollutvalskonferanse 2023

Saksprotokoll 24.11.2022 - Tysnes kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det kom ikkje fram noko spesielt ved handsaminga av referatsaka.

Vedtaket vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tar referatsaka til orientering.



Saksframlegg

Saksnr: 2022/323-4
Saksbehandlar: Helge Inge Johansen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Tysnes kommune, Kontrollutvalet	1/23	09.02.2023

Rådmannen orienterer om kommunaløkonomisk berekraft i Tysnes kommune

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet tek rådmannen si orientering om kommunaløkonomisk berekraft i Tysnes kommune til orientering.
2. Utvalet ber rådmannen koma med ny skriftleg status i første kontrollutvalsmøte i 2024.
3. Ny statusrapport vert å senda til sekretariatet innan 15.01.24.

Samandrag

Kontrollutvalet vil i dette møte få ei orientering gjeldande Tysnes kommune sitt arbeid med kommunaløkonomisk berekraft.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Helge Inge Johansen
spesialrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 KOMMUNALØKONOMISK BÆREKRAFT I TYSNES KOMMUNE

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I samband med Forum for Kontroll og tilsyn (FKT) sin fagkonferanse 01. – 02.06.2021, vart det m.a. fokusert på kommunal økonomisk berekraft (KØB). Det blir i den samanheng vist til kommunelova §§ 14-1 og 14-2.

Kommunelova (KL) § 14-1 omhandlar grunnleggjande krav til økonomiforvaltninga i kommunen.

Her står det:

- *Kommuner og fylkeskommuner skal forvalte økonomien slik at den økonomiske handleevnen blir ivaretatt over tid.*
- *Kommuner og fylkeskommuner skal utarbeide samordnete og realistiske planer for egen virksomhet og økonomi og for lokalsamfunnets eller regionens utvikling.*
- *Kommuner og fylkeskommuner skal forvalte finansielle midler og gjeld på en måte som ikke innebærer vesentlig finansiell risiko, blant annet slik at betalingsforpliktelser kan innfris ved forfall.*

Det er dette som vert kalla kommunal økonomisk berekraft (KØB).

For å ivareta økonomisk berekraft over tid, har kommunen plikt til å fastsette finansielle måltal, jf. KL § 14-2:

Kommunestyret og fylkestinget skal selv vedta

- a) *økonomiplanen og årsbudsjettet*
- b) *årsregnskapene og årsberetningene*
- c) *finansielle måltall for utviklingen av kommunens eller fylkeskommunens økonomi*
- d) *regler for økonomiforvaltningen (økonomireglement)*
- e) *regler for finans- og gjeldsforvaltningen (finansreglement).*

Videre står det i kommunelova § 23-2 m.a. dette:

Kontrollutvalget skal påse at:

- a) *Kommunens eller fylkeskommunens regnskaper blir revidert på en betryggende måte*
- b) *Det føres kontroll med at den økonomiske forvaltningen foregår i samsvar med gjeldende bestemmelser og vedtak*

Kontrollutvalet behandla sak gjeldande kommunaløkonomisk berekraft i møte 24.11.2022 og vedtok følgjande:

- 1.
2. Utgreiinga kan m.a. innehalde informasjon om status på:
 1. Finansielle måltal
 2. Aktuelle regelverk
 3. Vedlikehaldsetterslepet i kroner på f.eks.:
 - a) Kommunale bygg?
 - b) Kommunale veier, inkludert tunellar og bruer?
 - c) Kommunale kaianlegg?
 - d) Annan kommunal infrastruktur som vatn og avløp
 4. Er det utarbeidd planar for korleis eventuelt vedlikehaldsetterslep skal takast inn att?
3. Kontrollutvalet ber om at notat som grunnlag for utgreiinga vert sendt sekretariatet innan 31.01.2023.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse i denne saka ved at utvalet skal sjå til at rekneskapen blir revidert på ein trygg måte og kontrollere at den økonomiske forvaltninga vert ivareteken i samsvar med gjeldande føresegner og vedtak, jf. kommunelova § 23-2.

Vurderingar og verknader

I tråd med vedtaket i kontrollutvalet 24.11.2022 er det avtalt at rådmannen kjem i dette møtet for å gjere greie for status for kommunal økonomisk berekraft i Tysnes kommune.

Sekretariatet har motteke eit notat frå rådmann som er vedlagt saka. Det vert tilrådd at sekretariatet diskuterer informasjonen som kjem i notatet og det som kjem fram av opplysningar i møtet.

Det vert og tilrådd å ha fokus på dette saksfeltet om eit års tid. Såleis tilrår sekretariatet ei ny sak i første møte i 2024.

Konklusjon

Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet tek informasjonen til orientering, samt at det nye utvalet for valperioden 2023-2027 kan få ein statusrapport på nyåret i 2024.

KOMMUNALØKONOMISK BÆREKRAFT I TYSNES KOMMUNE

Me viser til partsbrev frå Kontrollutvalet dagsett 24. november 2022. I brevet ber kontrollutvalet om at rådmannen kjem til første møte i 2023 for å gjera greie for status for kommunal økonomisk berekraft i Tysnes kommune. Kontrollutvalet listar opp ulike relevante moment som kan leggjast til grunn for vurderinga og ber til slutt om at det vert oversendt eit notat som grunnlag for utgreiinga i møte.

Kommunaløkonomisk berekraft inneber at kommunen må syta for å forvalta inntektene sine på ein slik måte at ressursbruken i dag ikkje vil truga velferden til innbyggjarane i framtida.

Økonomiske måltal

I kommuneplanen sin samfunnsdel er fylgjande strategi vedteke :



For å kunne etterleve strategien over tid må det setjast krav til budsjetteringa og oppfylgging av denne. Til grunn for budsjettering har Tysnes kommune satt fylgjande måltal :

- Netto driftsresultat : minimum 0,8%
- Disposisjonsfond : minimum 15%
- Gjeldsgrad : maksimum 100%

Måltala er retningsgjevande, ut i frå at enkelte år kan vere meir utfordrande enn andre. Men gjennom kommunen sin økonomiplanperiode må måltala likevel vere styrande.

Dei økonomiske måltala er nedfelt i kommunen sitt økonomireglement forutan dette kan det også vera aktuelt å sjå på kommunen sitt finansreglement for korleis kommunen opptrer med omsyn til finansiell risiko. Begge reglementa følgjer som vedlegg.

Særskilt om risiko knytt til vedlikehald

Ei rekkje av kommunen sine oppgåver er lovfesta, kommunen sine oppgåver knytt til vedlikehald av bygg og infrastruktur har ikkje det same lovvernet. Dette kan føra til at desse oppgåvene vert prioritert for lågt noko som over tid vil vera eit trugsmål mot kommunen si økonomiske berekraft. Vedlikehaldsetterslep målt i kroner er relevant å vurdere særskilt, men det er også relevant å sjå på planar og prinsipp for styring av aktivitet innanfor dette sektorområde.

Einingsleiar for drift og vedlikehald har saman med si avdeling gjort ei vurdering knytt til etterslep på vedlikehald for kommunal bygg, vegar, bruar og kaier:

a) Kommunale bygg

Utleigebygg

er godt vedlikehalde. Bygga er 25-35 år gamle, noko som tilseier at bygga etter kvart vil trenge større rehabilitering dei komande åra. Utskrifting tak, vindu, inneklima og enøktiltak. Kanskje snakkar me her om rundt 3-4 mill.

Skular, barnehagar og Tysneshallen

har eit godt vedlikehald, men også her er det fleire eldre bygg. Utfordringa er ofte at bygga har for liten kapasitet (antall m²) sett mot dagens behov. Fleire bygg treng fornya midlar innafor oppvarming og inneklima. Etterslep på rundt 3-4 mill.

b) Veg

har teke igjen ein del av tidlegare etterslep då det har vore god tilgong på vegmidlar dei siste åra. Ein kan likevel rekne med eit etterslep på rundt 1 mill.

c) Bruer og kaier

Etterslep her er estimert til kr 2,6 mill ihht Safe Control sin rapport i 2021. Dette er eit forfall som aukar drastisk. «

Når det gjeld kommunale bygg så har me over tid fått ut dei mest krevjande vedlikehaldsobjekta av porteføljen vår, dette gjeld mellom anna Hovland, Lunde- og Myklestad barnehage og mellomtrinnet på Tysnes skule. Me har også fått bygd nytt omsorgssenter og sett i stand den gamle sjukeheimen for utleige. Det er klart at dette har redusert etterslepet på vedlikehald noko. Prioritering av vedlikehald for bygg skal til ein kvar tid skje etter følgjande rekkjefølgje:

1. Tiltak som er naudsynt for å ivareta helse, miljø og tryggleik for tilsette, brukarar og/eller ytre miljø.

2. Tiltak som er naudsynt for å sikra ei tenleg forvaltning, det vil sei alle tiltak der manglande innsats vil kunna gje negative følgjekonsekvensar.

3. Andre tiltak.

Når det gjeld kommunale vegar har det dei siste åra vorte gjeve store ekstra løyvingar for å ta igjen noko av det forsømte vedlikehaldet. Det er også utarbeidd ein eigen situasjonsplan for kommunale vegar som ser på kva midlar som må tilførast dette område for å unngå å opparbeida nye etterslep.

Bruer og kaiar er i dag ein del av ansvar for veg, men her vert det gjort jamlege kontrollar knytt til vedlikehaldsstatus på desse objekta. Situasjonen i dag tilseier at bruer og kaiar må vurderast nærare.

Vatn og avløp

Om ein ser på investeringsbudsjett for vatn ser ein dette:

6.7 VASSFORSYNING

Prosjekt / investeringsobjekt	Total prosjektramme	2023	2024	2025	2026	Totalt i økonomiplanperioden (2023 - 2026)
Vassforsyning						
Utviding og oppgradering av leidningsnett	2 225 000	725 000	312 500	625 000		1 662 500
Nytt reinseanlegg i Uggdal	Årsprosjekt		3 750 000			3 750 000
Nye høgdebasseng i Våge og Uggdal	14 530 000		248 750	8 031 250	6 250 000	14 530 000
Sum vassforsyning		725 000	4 311 250	8 656 250	6 250 000	19 942 500

For 2023 er det planlagt fleire oppgraderingar i leidningsnett for vassforsyning. Tiltaket med høgast prioritet og kostnad er ny infrastruktur og kryssing av fylkesvegen i Søreidsvågen. Vidare ligg det inne midlar til meir sensorikk i forsyningsnett for å kunne avdekka lekkasjar og andre driftsutfordringar på nettet. Prosjektet er godt utgreidd.

Ut over dette er det årlege kostnader der ein skiftar ut kummar og gamle hovudvassleidninga. Total etterslep her veit me ikkje. Me er meir låst til sjølvkost og kor mykje budsjettet er årleg. Om ein skal nytta nokre tal kan ein sjå i kommunedelplan for vassforsyning frå 2018. Der er det satt opp ein investeringsplan som visar nokre tal for investering i leidningsnett og skifte ut kummar:

ID	Vassverk Investeringstiltak	Prosjekt kostnad															
			mill. kr	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025	2026	2027	2028			
Tiltak - utbyggningsplan																	
1	Etablering kommunalt vassverk	2.0	1.0	1.0													
2	Innleiande undersøking grunnvassan	0.2	0.2														
3	Test grunnvassanlegg	0.7		0.7													
4	Ny vassleidning mellom Tysnes og Ug	18.6		9.3	9.3												
5	Nytt vassbehandlingsanlegg for grunnvann	10.1								5.1	5.1						
6	Vassleidning frå grunnvassanlegg	19.7											9.9	9.9			
7	VA-leidningar til Teigland	2.6					1.3	1.3									
8	Høgdebasseng Hollekje	3.6										3.6					
		0.0															
		57.5															
Årlige investeringer																	
	Rehabilitering av vasskummar, årleg	0.2	0.20	0.20	0.20	0.20	0.20	0.20	0.20	0.20	0.20	0.20	0.20	0.20	0.20	0.20	0.20
	Driftskontrollsystem, årleg	0.10	0.10	0.10	0.10	0.10	0.10	0.10	0.10	0.10	0.10	0.10	0.10	0.10	0.10	0.10	0.10
	Fornyng/utbedring, 2% av tot. Lengde (ca 28.000 m) pr år	1.3	1.34	1.34	1.34	1.34	1.34	1.34	1.34	1.34	1.34	1.34	1.34	1.34	1.34	1.34	1.34
	Årlige investeringer tekniske anlegg - 20 år nedskriving		0.20	0.70	0.10	0.10	0.10	0.10	0.10	5.15	5.15	0.10	0.10	0.10			
	Årlige investeringer ledn. anlegg etc - 40 år nedskriving		2.6	11.9	10.8	1.5	2.8	2.8	1.5	10.29	11.5	11.5	11.5	1.6			
	Totale investeringer pr år		2.8	12.6	10.9	1.6	2.9	2.9	6.7	10.29	11.5	11.5	1.6				

Ein har ikkje fulgt utbyggningsplan, er derfor ikkje gjeldande idag.

Denne kommunedelplanen skal rullerast i 2023, då vil ein ha oppdaterte tal og ein kan be dei som oppdaterer å me vil då be om eit oversyn over totalt etterslep på vedlikehald.

Som ein ekstra info har me lagt ved type og kor mange meter med vassleidning me har i Uggdal og Våge. Generelt er det mange meter i forhold til talet på abonnentar. Dette gir då meir vedlikehald og mindre pengar inn per år som er ei utfordring. Ein kan rekne alt frå 3-5000 kr/m for røyrfornyng etter grunnforholda.

Det er mest PVC røyr og resten PE, der PVC historisk toler mindre og får lekkasje tidlegare enn PE.

Status leidninga Uggdal:

Røyrmateriale

Asbest/sement m:	0
Jern/stål m:	0
PVC m:	12726
PE m:	738
GUP m:	0
Anna m:	1
Ukjent materiale (i meter):	0

Antal meter lagt (per periode)

Før 1910:	0
1911-1940:	0
1941-1970:	3500
1971-2000:	7096
Etter 2000:	2868

Status leidninga Våge:

Røyrmateriale

Asbest/sement m:	200
Jern/stål m:	0
PVC m:	9502
PE m:	5013
GUP m:	0
Anna m:	0
Ukjent materiale (i meter):	0

Antal meter lagt (per periode)

Før 1910:	0
1911-1940:	0
1941-1970:	1899
1971-2000:	6992
Etter 2000:	5824

Me ser at det er vanskeleg å gje veldig gode estimat for etterslep på vedlikehald og meiner nok at dei anslaga som er gjort her er litt forsiktige, men meir detaljerte kalkulasjonar må det eventuelt arbeidast vidare med.

Med helsing

Steinar Dalland
rådmann

Brevet er elektronisk godkjent.

Kopi til:



Saksframlegg

Saksnr: 2022/93-8
Saksbehandlar: Helge Inge Johansen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Tysnes kommune, Kontrollutvalet	2/23	09.02.2023

Forvaltningsrevisjon av Sjukefråvær og personalforvaltning - oppfølging av handlingsplan

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet takker for det forbetningsarbeid som er lagt ned etter denne forvaltningsrevisjonen og vel å lukke saka.

Samandrag

Kommunestyret handsama revisjonsrapporten i møte 05.04.22, og vedtaket er i samsvar med innstillinga frå kontrollutvalet. Sekretariatet har motteke oppfølging av handlingsplanen innan fristen. Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet lukker saka ut i frå at forbetningsarbeidet i det store og heile er ferdig.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Helge Inge Johansen
spesialrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Tilbakemelding - Forvaltningsrevisjon av sjukefråvær og personalforvaltning - oppfølging av handlingsplan
- 2 1. Mal for leiaravtale
- 3 2. Mal for samtaleskjema - vedlegg til leiaravtale
- 4 3. LTV- samarbeidsmøter

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kommunestyret sitt vedtak frå møte 05.04.22, i PS 10/22 :

«Kommunestyret ber rådmannen om å:

1. Vurdere å etablere differensierte måltal for sjukefråværet, herunder årlege sjukefråværssmål og mål for den enkelte eining
2. Sørge for at leiarar med ansvar for oppfølging av sjukefråvær jamleg får tilsendt sjukefråværsstatistikk og at statistikken blir brukt på arbeidsplassen
3. Vurdere å utvide registreringa av arbeidsrelatert sjukdom til meir enn arbeidsrelaterte personskadar og godkjent yrkessjukdom, til bruk i det førebyggjande arbeidet
4. Arbeide ytterlegare med å redusere sjukefråvær. Kommunen bør vurdere tiltak eller endringar i tiltak i einingar med høgt sjukefråvær over tid. Tiltaka må tilpassast situasjonen i den enkelte eining, og tilsette bør vere tett involvert i arbeidet for å sikre forankring og målretta tiltak.
5. Sørge for at leiarar får tilstrekkeleg opplæring når det gjeld sjukefråværsarbeid
6. Sørge for at alle medarbeidarar får tilbod om medarbeidarsamtalar
7. Vurdere – saman med verneomboda – om dei har fått tilstrekkeleg opplæring og tid for å kunne utføre vernearbeidet på ein forsvarleg måte, jf. arbeidsmiljølova
8. Sørge for at tiltak etter gjennomførte arbeidsmiljøkartleggingar i tilstrekkeleg grad blir følgt opp/evaluert
9. Etablere ein tilfredsstillande kultur og eit tilfredsstillande system for å melde og følgje opp avvik
10. Tydeleggjere eller vurdere endringar rundt dokumentasjonskrava for visse typar permisjonar
11. Kommunestyret ber om at det vert gjeve tilbakemelding (handlingsplan) til kontrollutvalet innan 25.april, om korleis vedtaka vert følgt opp, når tilaka vert sett i verk og kven som har ansvar for iverksettinga»

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse til å følgje opp kommunestyret sine vedtak etter revisjonsrapportar, jf. kommunelova § 23-2, e.

Vurderingar og verknader

Sekretariatet har motteke handlingsplan frå rådmann innan fristen og registrerer at kommunen i det store og heile er ferdig med dette forbetningsarbeidet etter forvaltningsrevisjonen.

I tilbakemeldinga (sjå notat vedlagt saka) kjem dette mellom anna fram:

«Me vurderer det slik at me har fylgt opp og gjennomført dei punkta me peikte på i handlingsplanen. I høve til fleire av dei punkta revisjonen peikte på så er det trong for kontinuerleg arbeid med forbetningar. Me ser det likevel som tenleg at vidare oppfølging av rapporten no kan avsluttast»

Konklusjon

Det vert tilrådd frå sekretariatet at kontrollutvalet vel å lukke saka ut i frå at forbetningsarbeidet i det store og heile er ferdig.

Partsbrev - Forvaltningsrevisjon av sjukefråvær og personalforvaltning - oppfølging av handlingsplan

Me viser til partsbrev knytt til forvaltningsrevisjon av sjukefråvær og personalforvaltning, dagsett 27. desember f.å.

I partsbrevet ber kontrollutvalet om ei oppfølging av status på handlingsplan gjeldande forvaltningsrevisjon av sjukefråvær og personaloppfølging. Me viser i denne samanheng til handlingsplan dagsett 25. april f.å. og vil i det følgjande gå gjennom dei ulike oppfølgingspunkta i handlingsplanen.

Målområde: Differensierte måltal for sjukefråvær.

Tiltak: Etablering av leiaravtalar.

Status: Leiaravtaler er etablert for leiarar på einingsnivå. Leiaravtalane er forankra i felle samlingar for alle einingsleiarar og strategisk leing. Avtaler vart teikna i september førre år, system for oppfølging og innhald i avtalane og oppfølgingsamtalane følgjer som vedlegg.

Målområde: Tilgjengeleg statistikk over sjukefråvær

Tiltak: Statistikk vert lagt ut på kommunen sitt intranett. Det vert arbeidd vidare med den statistiske framstillinga.

Status: Tiltaket med å leggja ut statistikk vart iverksett like etter at revisjonen var gjennomført. Gjennom 2022 har det vorte arbeida med ein tenleg grafisk presentasjon av status for dei einskilde einingane. Statistikken viser no den einskilde eining, etat og akkumulert nivå. Statistikken viser også fordeling mellom ulike type sjukefråvær og gir grafiske framstillingar med moglegheit for å spørja på ulike intervall. Me vurderer no at me er i mål med dette og kan om ønskjeleg presentera dette for kontrollutvalet.

Målområde: Opplæring av leiarar når det gjeld sjukefråværsarbeid

Tiltak: Kontinuerleg læring

Status: Det er gjennomført ulike opplæringstiltak for leiarar i 2022, mellom anna 40 timars kurs i arbeidsmiljø. Så langt i år har me gjennomført felles kurs for leiarar og verneombod knytt til ROS vurderingar knytt til HMT arbeidet, kurset har gått over tre dagar og er gjennomført i regi av Bedriftshelsetenesta. Det vert årleg utarbeidd plan for BHT sin

medverknad der det mellom anna vert vurdert aktuelle kurs. Me har også samarbeid med NAV arbeidslivssenter og arbeider der med å vurdere kurs og kompetansetiltak for 2023.

Me vil aldri kunne sei at me er ferdige med opplæring, men ser det ikkje som tenleg å ha ei vidare rapportering på dette punktet gjennom handlingsplan for oppfølging av forvaltningsrevisjon.

Målområde: Sørgje for at alle tilsette får tilbod om årleg medarbeidarsamtale.

Tiltak: Kartlegging av leiarspenn, oppfølging i leiaravtaler

Status: Det er gjennomført ei kartlegging av leiarspenn i verksemda, gjennom kartlegginga har me sett at nokre leiarar har ansvar for så mange tilsette at det er vanskeleg å sikra ei god oppfølging av den einskilde. Nokre leiarar har hatt opp mot 35 direkte rapporterende medarbeidarar. Undersøkinga er fylgt opp gjennom organisasjonstilpassingar slik at talet på direkte rapporterende medarbeidarar er monaleg redusert.

Medarbeidarsamtalar er også lagt inn som fast oppfølgingspunkt i leiaravtalene, jf. vedlegg 1 og 2.

Målområde: Vurdera saman med verneomboda opplæring og tid for å kunne utføra vernearbeidet.

Tiltak: Årleg gjennomføring av 40 timars kurs for nye verneombod, gjennomført kurs i ROS vurderingar, innføring av felles mal for møtepunkt mellom leiar, verneombod og tillitsvalde på den einskilde eining, etat og for kommunen som heilskap.

Status: Kurs og opplæring er fylgt som tidlegare. Me har i tillegg innført eit felles system for møter mellom leiing, tillitsvalde og verneombod. Mal og skildring av oppfølging følgjer som vedlegg 3.

Målområde: Sørgje for at tiltak etter gjennomførte arbeidsmiljøkartleggingar i tilstrekkeleg grad vert fylgt opp og evaluert.

Tiltak: Kommunen har eit fast system med gjennomføring av 10 faktor medarbeidarundersøking kvart anna år.

Status: Arbeidet har fokus både i leiaravtaler og i leiar møte, god oppfølging er viktig og det naturlege evalueringpunktet er ved gjennomføring av ny undersøking.

Målområde: Etablere ein tilfredsstillande kultur og eit tilfredsstillande system for kvalitetsarbeid

Tiltak: Innføring av nytt elektronisk avvikssystem, plan for kvalitetsarbeid.

Status: Compilo er no innført som nytt avvikssystem, det vil vera arbeid også i 2023 knytt til oppfølging og bruk av systemet. Per i dag er det noko utfordringar med systemet inn mot oppvekstetaten, dette er knytt til at me fram til no har hatt to ulike system for IT i kommunen. Det er sett av midlar i økonomiplanen for å etablere ei felles IT løysing i verksemda.

Strategiplan for kvalitet vil ikkje bli klar før i løpet av 2023.

Målområde: Tydeleggjera eller vurderer endringar rundt dokumentasjonskrav for visse typar permisjonar

Tiltak: Her vert det presisert i reglementet at det berre skal leverast standard stadfesting av oppmøte hjå institusjonen som står for behandlinga og at det ikkje er trong for ytterlegare dokumentasjon

Status: Reglementet er oppdatert.

Oppsummering:

Me vurderer det slik at me har fylgt opp og gjennomført dei punkta me peikte på i handlingsplanen. I høve til fleire av dei punkta revisjonen peikte på så er det trong for kontinuerleg arbeid med forbetringar. Me ser det likevel som tenleg at vidare oppfølging av rapporten no kan avsluttast.

Med helsing

Steinar Dalland
rådmann

Brevet er elektronisk godkjent.

Kopi til:

Vedlegg

- Mal for leiaravtale
- Mal for samtaleskjema - vedlegg til leiaravtale
- 3. LTV- samarbeidsmøter

Tysnes kommune

Leiaravtale mellom rådmann og einingsleiar.

Namn: _____

Eining: _____



Generelt

Leiaravtalen er eit tillegg til arbeidsavtalen. Leiaravtalen har sin basis i kommunen sine verdjar og konkretiserer følgjande:

- Føremål med leiaravtale
- Prinsipp for leiing i Tysnes kommune
- Formelt ansvar og delegert mynde
- Resultatkrav
- Rammeføresetnader

Føremål med leiaravtalen

Føremålet med leiaravtalen er å sikre oppfølging av leiarar i samsvar med system for styring og oppdragsdialog med næraste leiar. Leiaravtalen skal følgje opp og vera styrande i forhold til mål og resultatoppnåing innan dei 4 fokusområda; personal, organisasjon, tenester og utvikling med **samfunn** som gjennomgripande for alle områda.



Prinsipp for leing

Leiarar i Tysnes kommune skal søkje å få fram det beste i våre kompetente medarbeidarar, og bidra til å skape utvikling i organisasjonen. For å oppnå dette er det ei forventning om at våre leiarar skal;

- vera eit førebilete for sine kollegaar
- byggje kultur for samarbeid, refleksjon, læring og utvikling
- vera endringsvillige og ha fokus på kontinuerleg forbetring
- utfordre, stille krav, ansvarleggjera og støtte sine medarbeidarar
- følgje opp medarbeidarane med rom for alle, og blick for den enkelte
- leggje til rette for openheit, respekt, samt læring og utvikling
- sjå eigen eining i eit tverrsektorielt perspektiv
- ta omsyn til likestilling og likeverd i forhold til kjønn, alder, funksjonsevne, religion og etnisitet

Delegert mynde og formelt ansvar

- ❖ Einingsleiar har ansvar for eininga sine faglege, økonomiske og personalmessige saker, og utøver sitt leiaraskap etter delegert mynde i frå rådmannen. Einingsleiar har arbeidsgjeverfunksjonen for tilsette i sin eining. Deler av dette kan delegerast vidare til avdelingsleiarar.
- ❖ Einingsleiar skal gjennomføre årlege medarbeidarsamtalar med alle sine tilsette, og dialog- og statusamtalar etter behov.
- ❖ Einingsleiar skal sikre eit helsefremjande arbeidsmiljø og ha eit kontinuerleg fokus på arbeid med sjukefråvær. Det skal leggst til rette for medverknad og involvering frå dei tilsette for å sikre forankring og målretta tiltak. Einingsleiar skal sørge for at tiltak etter gjennomførte arbeidsmiljøkartleggingar i tilstrekkeleg grad blir følgd opp/evaluert.
- ❖ Einingsleiar er ansvarleg for ein brukar- og serviceorientert utvikling av eininga sine tenester, og tek hand om tverrfaglege og sektorielle omsyn og moglegheiter. Einingsleiar er ansvarleg for rådgjeving om og oppfølging av dei lover, avtalar og retningsliner som gjeld på eininga sitt område.
- ❖ Einingsleiar skal bidra med naudsynte opplysingar og utgreiingar i alle kommunen sine plan- og rapporteringsprosessar, som t.d. kommuneplanar, verksemdsplan, årsrapportar og økonomirapportar.
- ❖ Einingsleiar skal lojalt planleggje og styre verksemda innanfor politisk vedtekne økonomiske rammer, og skal om naudsynt korrigere avvik undervegs i budsjettåret. Einingsleiar skal søkje etter forenkling og forbetring, og sikre ein mest mogleg effektiv drift.



- ❖ Viss budsjettføresetnadane vert endra merkbart gjennom året – både positive og negative avvik – skal einingsleiar alltid først, og så tidleg som mogleg informere næraste leiar om forholdet. Ved negative avvik skal einingsleiar beskrive tiltak for å korrigere avvika.
- ❖ Einingsleiar skal sjå til at dei sakene som eininga har ansvar for og greier ut om jf. Prinsipp om fullført saksbehandling, er forsvarleg utgreidd. Når saka så vert behandla administrativt eller politisk, skal einingsleiar sikre at vedtak vert iverksett.

Resultatkrav og oppfølging

Einingsleiar er tilsett av rådmannen og inngår leiaravtale med næraste leiar i samsvar med gjeldande organisasjonsplan. Næraste leiar skal ta i vare den kontinuerlege oppfølginga av einingsleiar. Oppfølginga består i rettleiing og rådgjeving innan leiing, eininga si drift og utvikling. Einingsleiar tek i mot bestillingar frå næraste leiar, og skal informere om viktige spørsmål som vedkjem eininga. Næraste leiar gjennomfører medarbeidersamtalar og oppfølgingsamtalar med einingsleiar. Einingsleiar skal ikkje stillast til ansvar for manglande resultat som objektivt sett ligg utanfor einingsleiar sitt innflytelsesområde.

Resultatmåla til einingsleiar er stadfesta i følgjande dokument:

- Lov, føresegn og avtaleverk
- Kommuneplanar/strategiar
- Verksemdsplan med budsjett og økonomiplan
- Føringar og oppdrag presisert i oppdragsdialogen gjeldande for sektoren og/eller eininga spesielt
- Eininga si driftsplan

Resultatoppnåing skal vera tema i leiarsamtalar og statusamtalar, og tiltaka skal fellast ned i eit skriftleg dokument som følgjer leiarsamtalen. Vurderinga vil blant anna inngå som ein del av grunnlaget for lønsvurdering i HTA kap. 3.

Dersom næraste leiar meiner einingsleiar har manglande resultatoppnåing, skal drøfting skje slik:

- ❖ Einingsleiar vert gjort kjend med næraste leiar sin vurdering (i særskild møte, t.d. i medarbeidersamtale eller statusamtale), og får moglegheit til å beskrive korleis avvik kan korrigerast og korleis måla skal nås.
- ❖ Det vert avtalt ein konkret plan med forbetningspunkt/tiltak.
- ❖ Det vert sett i verk oppfølgingsamtalar mellom næraste leiar og einingsleiar for å vurdere om fastsette mål er oppnådd.



- ❖ Ved manglende resultatoppnåing, kan rådmannen trekke tilbake delegerte leiarfunksjonar/mynde, og tilby nye oppgåver/stilling. Dette skal skje innan gjeldande lover og avtalar.

Utøving av god leiing og service

Tysnes kommune legg vekt på høg etisk standard i tråd med vedtekne etiske retningslinjer. Som leiarar i Tysnes kommune viser me dette i praksis ved å:

- ❖ Utøve god verksemdsstyring
- ❖ Vera tydelege, synlege og dialogbaserte ovanfor tilsette og brukarar
- ❖ Opptre lojalt i forhold til kommunen
- ❖ Ha høgt fokus på service til publikum gjennom god telefonpraksis, gode e-post rutinar og fokus på informasjon på heimesida om tenesta
- ❖ Opptre profesjonelt og fagleg, og viser brukarar, innbyggjarar og tilsette respekt
- ❖ Ha høgt utviklingsfokus for eigen eining/teneste
- ❖ Opptre med respekt i forhold til folkevalde, og lojalt følgje og gjennomføre dei vedtak som fattast
- ❖ Klare å skape forståing innan eininga for at naudsynte organisasjonsmessige utviklingstiltak vert gjennomført
- ❖ Ha fokus på at innbyggjarane er våre «kundar» og at dei folkevalde er våre «oppdragsgjevarar»
- ❖ Bidra til eit godt omdømme for Tysnes kommune

Rammevilkår

Næraste leiar skal stimulere einingsleiar til personleg vekst og utvikling, slik at einingsleiar kan løyse sine oppgåver best mogleg. Einingsleiar kan etter nærare avtale få tilbod om leiarutvikling gjennom t.d. rettleiing, kurs, etter- og vidareutdanning og moglegheiter for annan personleg utvikling.

Einingsleiar skal i prinsippet vera tilgjengeleg for næraste leiar ut over ordinær arbeidstid, og innehar ei stilling som er svært uavhengig, og som ikkje vert omfatta av overtidsbestemmingane. Særlege belastingar utanfor ordinær arbeidstid, kveldsmøte etc. er kompensert i grunnløn og vert elles kompensert etter HTA., kap.1 § 6.3 med ekstra fridagar i året. Einingsleiar nyttar Tidbank for å halde oversikt over eigen arbeidstid.



Forventingar til næraste leiar

- ❖ Næraste leiar forpliktar seg til å legge til rette for systematisk utvikling av einingsleiarane samt legge til rette for at leiarane har gode arbeidsvilkår
- ❖ Rådmannen og strategisk leiargruppe skal følgje opp einingsleiarane gjennom regelmessige møte
- ❖ Næraste leiar skal gjera aktiv bruk av dei ressursane som den einskilde einingsleiar rår over.
- ❖ Næraste leiar skal aktivt delta i drøftingar med einingsleiar om manglande samsvar mellom krav/forventingar og resultat
- ❖ Næraste leiar skal prioritere å vera tilgjengeleg for einingsleiar for å samtale eller søkje råd, også om forhold som ikkje gjeld leiarstillinga
- ❖ Næraste leiar skal halde einingsleiarane orientert om viktige saker som er under utvikling i Tysnes kommune
- ❖ Dersom næraste leiar ikkje er tilfreds med einingsleiar sin generelle måloppnåing og åtferd, skal dette takast opp direkte med einingsleiar på eit tidleg tidspunkt.

Anna

Avtalen gjeld frå underteikning av næraste leiar og einingsleiar.

Leiaravtalen er ein personleg avtale mellom næraste leiar og einingsleiar. Avtalen skal signerast utan opphald etter tilsetting.

Næraste leiar skal gjennomføre årleg leiarsamtale/resultatdialog med einingsleiar. Dokumentasjon på denne inngår som del 2 av leiaravtalen mellom næraste leiar og einingsleiar, og er underlagt teieplikt/unnateke offentlegheit jf. Forvaltningslova § 13 og Offentleglova § 23, 1.ledd.

Tysnes kommune

Dato: _____

Tittel

Einingsleiar



Tysnes kommune

Samtaleskjema – Vedlegg til leiaravtale

Kommunalområde: _____

Namn einingsleiar: _____

Eining: _____

Namn overordna: _____

Dato for leiarsamtale: _____

«Me skal skapa eit godt samfunn»



Tysnes kommune



Side: 1

Bakgrunn

Næraste leiar skal gjennomføre årleg leiarsamtale/resultatdialog med einingsleiar. Dokumentasjon på denne inngår som del 2 av leiaravtalen mellom næraste leiar og einingsleiar, og er underlagt teieplikt/unnateke offentlegheit jf. Forvaltningslova § 13 og Offentleglova § 23, 1.ledd.

I leiaravtalen står følgjande om resultatkrav: *Resultatoppnåing skal vera tema i leiarsamtalar og statusamtalar, og tiltaka skal fellast ned i eit skriftleg dokument som følgjer leiarsamtalen. Vurderinga vil blant anna inngå som ein del av grunnlaget for lønsvurdering i HTA kap. 3.*

Leiarsamtalen

Leiarsamtalen sin hensikt er at den skal vera eit reelt og resultatorientert verktøy for leiing i arbeidet med å nå Tysnes kommune sine mål, samt sjå til at leiaravtalen vert evaluert årleg.

Tidspunkt for evaluering

Årleg evaluering skjer normalt i mars/april månad etter at årsresultatet/rekneskapen ligg føre. Dersom særlege grunnar tilseier det, kan det skje oftare. Viss det er negative avvik når det gjeld oppfølging av budsjett/handlingsplanar og leiaravtale, skal årsaka til avvik klarleggast og synleggjerast i dokumentasjon i frå leiarsamtalen.

Resultatvurderinga i leiarsamtalen skal handle om 3 tema:

1. Arbeidsmål og resultat
2. Utøving av god leiing og service
3. Personleg utvikling

Samtaleskjemaet som følgjer under, tek utgangspunkt i nemnte tema. Samtaleskjemaet skal danne grunnlaget for refleksjon samt konklusjon på medarbeidersamtalen, og beskrive eventuelle oppfølgingstiltak og sette retning for vidare arbeid.



Arbeidsmål og resultat			
Fokusområde – mål – resultat – vurdering			
Fokusområde	Delmål for eininga	Kva resultat er nådd/ikkje nådd – kvifor?	Evaluering, vurdering, konkrete forbetningspunkt og tiltak
Personal Korleis vurderer du følgjande punkt: <ul style="list-style-type: none"> ❖ Medarbeidarundersøking ❖ 10-FAKTOR ❖ Sjukefråvær ❖ Arbeidsmiljø ❖ Trepertssamarbeid ❖ Brukarundersøkingar 			
Økonomi Korleis vurderer du følgjande punkt: <ul style="list-style-type: none"> ❖ Økonomi, driftsresultat og tilpassing til budsjett 			
Tenester Korleis vurderer du følgjande punkt: <ul style="list-style-type: none"> ❖ Interne og eksterne revisjonar ❖ Brukarundersøkingar ❖ Tilsyn ❖ Avviksrapportering 			



❖ Informasjonssikkerheit og personvern			
Utvikling Korleis vurderer du følgjande punkt: ❖ Satsingsområde ❖ Utviklingsarbeid ❖ Verksemdsplan ❖ Prosjekt ❖ Kommuneplan ❖ Tverrsektorielt samarbeid			
Er resultatmåla klare og forståelege?			
Oppfølging av saker formidla gjennom oppdragsdialogen			
Utøving av god leiing og service			
Samarbeid ❖ Korleis har samarbeidet vore mellom deg og dine tilsette? ❖ Korleis har samarbeidet vore mellom deg og andre einingsleiarar? ❖ Korleis har samarbeidet vore mellom deg og næraste leiar?			



<ul style="list-style-type: none"> ❖ Korleis har samarbeidet vore med dei tillitsvalde og verneombod? ❖ Korleis har samarbeidet vore med brukarane? ❖ Korleis har samarbeidet vore med politisk nivå? 	
Er fordelinga av oppgåver mellom deg og dine tilsette hensiktsmessig? Opplever du at fullmakta di er funksjonell?	
Er omgjevnadane dine og dei fysiske føresetnadane dine funksjonelle og tilfredsstillande?	
Er det andre ting av betydning innan dette temaet?	
Er din forventa leiaråtferd oppfylt?	
Personleg utvikling	
Kva behov har du for vidare utvikling?	
Korleis kan din næraste leiar støtte deg i å nå måla dine?	
Andre ting av betydning under dette temaet?	



Næraste leiar har ansvar for å ferdigstille samtalskjemaet i etterkant, og begge partar skal ha kvar sin. Skjemaet vil danne eit godt grunnlag for vidare status- og dialogsamtalar fram mot neste ordinære leiarsamtale.

Tittel

Einingsleiar





Samarbeidsmøter – LTV: leiar-tillitsvald-verneombod

Leiar på avdelinga/eininga har ansvar for at LTV-møta vert gjennomført. Møta skal vere ein gong pr månad på avdelingsnivå og kvar 6.veke på etatsnivå, vere datofesta og ha skriftleg innkalling med sakliste og referat. Referatet skal ikkje innehalde opplysningar som bryt med teieplikt i Tysnes kommune.

Møta er mellom leiar, tillitsvalt og verneombod. Ved behov kan ein invitere inn representantar frå personalavdeling, bedriftshelsetenesta eller NAV arbeidslivssenter.

Partane har like stort ansvar for at møta blir kvalitativt gode. Dersom det er ønskje om at saker skal løftast vidare i lina, kan partane bli samd om dette.

Følgjande tema bør vere faste saker på samarbeidsmøta:

- I. Referat frå sist møte**
- II. Informasjon frå partane**
 - a. Gjensidig informasjonsutveksling mellom partane
- III. Sjukefråvær, jf. rutine for sjukefråværsoppfølging**
 - a. Utvikling og oversikt over våre tal
 - b. Oppfølging, jamfør rutine for oppfølging av sjukemeldte
 - c. Status tilrettelegging/vikarbruk
 - d. Tiltak for førebygging
 - e. Plan for oppfølging av årleg fokusområde
- IV. HMT-oppgåver**
 - a. Kommande oppgåver i årshjulet, td. Vernerunde, risikokartlegging, 10-faktor
 - b. Status HMT-handlingsplan og 10-faktor
 - c. HMT-avvik
 - i. Skader og neste ulykker
 - ii. Utagering, vald og trugslar
 - iii. Andre
 - d. Gjennomgå kartlegging, yrkeshygieniske målingar og anna
- V. Utviklingsarbeid**
 - a. Status 10-faktor arbeidet
 - b. Status andre prosjekt
- VI. Utfordringar i arbeidsmiljø som er observert, eller meldt frå til ein av partane**
 - a. Konflikthandtering, jf. [Retningsline for konflikthandtering](#)
 - b. Varsling, jf. [Rutine for varsling](#)
 - c. AKAN-arbeid, jf. [AKAN-reglement](#)



Referat frå LTV-møta

Referent:

Møteleiar:

Dato for møte:

Deltakarar:

Sak:	Frist/ansvar:
I. Gjennomgang referat frå førre møte	
I. Informasjon frå partane	
II. Sjukefråvær og fokus-områder for førebygging	
III. HMT-oppgåver	
IV. Utviklingsarbeid (10-faktor)	
V. Utfordringar i arbeidsmiljø	



Saksframlegg

Saksnr: 2022/208-9
Saksbehandlar: Helge Inge Johansen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Tysnes kommune, Kontrollutvalet	3/23	09.02.2023

Forvaltningsrevisjon av Plan- og byggesakshandsaming - handlingsplan

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet registrerer at kommunen har starta opp betringsarbeidet etter forvaltningsrevisjon av plan- og byggesakshandsaming
2. Kontrollutvalet ber om skriftleg tilbakemelding på handlingsplan til møte i kontrollutvalet 05.10.23. Handlingsplan vert å senda sekretariatet innan 14.09.23

Samandrag

Kommunestyret handsama revisjonsrapporten i møte 15.12.22, og vedtaket er i samsvar med innstillinga frå kontrollutvalet. Sekretariatet har motteke handlingsplanen og kommunen har starta opp betringsarbeidet etter forvaltningsrevisjonen. Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet ber rådmann om ny skriftleg status til møte i kontrollutvalet 05.10.23.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Helge Inge Johansen
spesialrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Forvaltningsrevisjon av plan og byggesak - handlingsplan

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kommunestyret sitt vedtak frå møte 15.12.2022 (PS 34/2022)er i samsvar med innstillinga frå kontrollutvalet:

«På bakgrunn av gjennomført forvaltningsrevisjon innan plan- og byggesakshandsaming ber kommunestyret rådmannen syte for:

1. Å sikre at gjeldande fristar for sakshandsaming på tre og tolv veker i byggjesaker blir etterlevd
2. At det vert utarbeid system og rutinar som gjer det mogleg å halde felles oversikt over sakshandsamingstid og fristar i alle saker.
3. Å skriftleggjere og formalisere fordeling av roller, ansvar og oppgåver som gjeld plan- og byggesakshandsaming.
4. Å etablere rutinar for gjennomføring av jamlege risikovurderingar av arbeidsprosessar i plan- og byggesakshandsaming, som grunnlag for utforming av sakshandsamingsrutinar og kontrollar av kvalitet i sakshandsaming.
5. Å sikre at felles rutinar, sjekklister og vedtaksmalar for plan- og byggesakshandsaming, samt for gjennomføring av tilsyn og ulovlegheitsoppfølging, er tilstrekkeleg godt kjent og blir nytta av alle tilsette.
6. Iverksette kontroll av at rutinar/sjekklister/malar blir nytta og etterlevd.
7. At det vert utarbeid rutinar for som sikrar at det blir gjennomført kvalitetssikring av alle saker som blir handsama og vedtak som blir fatta.
8. Å sikre at det vert utarbeidd rutinar for å dokumentere habilitetsvurderingar som blir utført i samband med sakshandsaming av plan- og byggesaker
9. Å oppdatere strategi for gjennomføring av tilsyn med at byggetiltak blir gjennomført i samsvar med løyve og føresegn i regelverk.
10. At det vert etablert eit meir systematisk arbeid med kompetanse, læring og forbetring som sikrar at kommunen til ein kvar tid har tilgang på naudsynt kompetanse.
11. Å sikre at plan- og byggesaksavdelinga sine nettsider vert gjennomgått og utbetra, og sørge for å gjera det enklare for søkjarar å få oversikt over relevant informasjon om saksgang og kommunen sine krav til søknadar og planforslag.
12. Å sikre at arbeid med samanstilling og innrapportering av grunnlagsdata som skal inngå i sjølvkostkalkylar på plan- og byggesaksområdet, vert formalisert og rutinefesta.
13. Å lage ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet sitt første møte i 2023, med frist 15.01.2023, som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvar for iverksettinga. «

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse til å følgje opp kommunestyret sine vedtak etter revisjonsrapportar, jf. kommunelova § 23-2, e.

Vurderingar og verknader

Sekretariatet har motteke handlingsplan frå rådmann og registrerer at kommunen har starta opp betringsarbeidet etter forvaltningsrevisjonen. Det står naturleg nok at ein del arbeid. Rådmannen kjem til møtet og vil gje ei munnleg orientering om status punkt for punkt.

Handlingsplan er vedlagt saka.

Konklusjon

Det vert tilrådd frå sekretariatet at kontrollutvalet ber rådmannen om skriftleg status på handlingsplanen til møte i kontrollutvalet 05.10.2023.

Rådmannen

Sakshandsamar:

Steinar Dalland

Mobil: 970 46 500

Vår ref: 2023/327- 2

Dykkar ref:

Dato: 31.01.2023

Forvaltningsrevisjon av plan og byggesak - handlingsplan

Me viser til kommunestyre sitt vedtak i sak 34/22 i kommunestyre sitt møte 15. desember og sender med dette over handlingsplan i samsvar med kommunestyre sitt vedtak.

Målområde	Tiltak	Forventa effekt	Tidfrist	Frist for evaluering	Ansvar
Å sikre at gjeldande fristar for sakshandsaming på tre og tolv veker i byggjesaker blir etterlevd	Dette vert løyst ved innføring av e-byggesak	E-byggesak har gode løysingar for visuell framstilling av tidslinje, rapportering og kontroll.	01.mar	01.nov	Kommunalsjef
At det vert utarbeid system og rutiner som gjer det mogeleg å halde felles oversikt over sakshandsamingstid og fristar i alle saker	Dette vert løyst ved innføring av e-byggesak	E-byggsak har gode leiaroppfølgingssystem samanlikna med dagens system.	01.mar	01.nov	Kommunalsjef

Å skriftleggjere og formalisera fordeling av roller, ansvar og oppgåver som gjeld plan- og byggjesakshandsaming	Etablere stillingstaler for alle stillingar med minimum årleg revidering.	Tydeleggjering av forventningar, roller, ansvar og oppgåver.	01.jun	01.nov	Kommunalsjef
Å etablere rutinar for gjennomføring av jamlege risikovurderingar av arbeidsprosessar i plan- og byggjesakshandsaming, som grunnlag for utforming av sakshandsamingsrutinar og kontrollar av kvalitet i sakshandsaming	Det vert lagt opp til å gjennomføra ein ny risikovurdering etter at e-byggesak er implementert	Nytt sakshandsamingssystem eliminere nokre risikoelement, samstundes kan det oppstå nye. Dette gjer at det er fornuftig å gjera ei ny ROS analyse når systemet er implementert	01.jun	01.nov	Kommunalsjef
Å sikre at felles rutinar, sjekklister og vedtaksmalar for plan- og byggjesakshandsaming, samt for gjennomføring av tilsyn og ulovlegheitsoppfølging, er tilstrekkeleg godt kjent og blir nytta av alle tilsette	Dette vert løyst ved innføring av e- byggesak	E byggesak har verktøy for prosessstøtte og felles malar innarbeidd i fagsystemet.	01.mar	01.nov	Kommunalsjef
Iverksette kontroll av at rutinar/sjekklister/malar blir nytta og etterlevd	Dette vert løyst ved innføring av e- byggesak	E-byggesak har innarbeidd støtte som krev avsjekk lags flyten.	01.mar	01.nov	Kommunalsjef
At det vert utarbeidd rutinar for som sikrar at det blir gjennomført kvalitetssikring av alle saker som blir handsama og vedtak som blir fatta.	Det er iverksett ein gjennomgang av system for sidemannskontroll, det er vert nedfelt i skriftlege rutinar for å sikra balanse mellom	Skriftleg rutine lagt inn i Compilo	01.jun	01.nov	Kommunalsjef

	kvalitetskrav og produktivitet.				
Å sikre at det vert utarbeidd rutinar for å dokumentere habilitetsvurderingar som blir utført i samband med sakshandsaming av plan- og byggjesaker	Me vil vurderer om det er trong for ei ekstra rutine for dette, alternativt vil me leggja det opp som eit fast sjekkpunkt i e-byggesak	Skriftleg rutine lagt inn i Compilo	01.jun	01.nov	Kommunalsjef
Å oppdaterer strategi for gjennomføring av tilsyn med at byggetiltak blir gjennomført i samsvar med løyve og føresegner i regelverk	Strategiplan for tilsyn og kontroll i vart vedteken i utvalet 1. desember 2022		Er utført	01.nov	Kommunalsjef
At det vert etablert eit meir systematisk arbeid med kompetanse, læring og forbetring som sikrar at kommunen til ein kvar tid har tilgang på naudsynt kompetanse	Det skal utarbeidast eit system for årlege opplæringsplanar for å sikra rett kompetanse til ein kvar tid	Lage opplæringsplan med bakgrunn i behov, utvikling og årlege medarbeidarsamtalar.	01.nov	01.nov	Kommunalsjef
Å sikre at plan- og byggjesaksavdelinga sine nettsider vert gjennomgått og utbetra saksgang og kommunen sine krav til søknader og planforslag.	Fagetaten og sentraladministrasjonen har omdisponert ressursar for å styrka dette arbeidet. Ny	Auka moglegheit for sjølvhjelp og eventuelt hjelp ved første kontakt til kommunen.	01.jun	01.nov	Kommunalsjef

heimeside vert lansert
ila februar

**Å sikre at arbeid med
samanstilling og innrapportering
av grunnlagsdata som skal inngå
i sjølvkostkalkylar på plan- og
byggjesaksområdet, vert
formalisert og rutinefesta**

Innføring av e-
byggesak,
førehandskalkulasjon
av EnviDan,
etterkalkyle av
Momentum.

Det er i dag fast system for
etterkalkyle på sjølvkost, for 2022
har me også nytta oss av
EnviDan sitt system for
førehandskalkulasjon.
Ebyggesak har også direkte
rapportering til KOSTRA.

Er
utført

01.nov

Kommunalsjef

Me er deltar gjerne i møte for å gå gjennom planen for vidare oppfølging!

Med helsing

Steinar Dalland
rådmann

Brevet er elektronisk godkjent.

Kopi til:



Saksframlegg

Saksnr: 2022/324-6
Saksbehandlar: Helge Inge Johansen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Tysnes kommune, Kontrollutvalet	4/23	09.02.2023

Forvaltningsrevisjon av informasjonstryggleik og personvern - statusrapportering

Forslag til vedtak

Informasjonen vert teken til orientering.

Samandrag

Kontrollutvalet bestilte prosjektet i møte 24.11.2022. Dette er første statusrapportering gjeldande dette prosjektet. Rapporten skal vere ferdig innan 15.08.2023. Kontrollutvalet og kommunestyret vil få rapporten til handsaming i siste møte i denne valperioden.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Helge Inge Johansen
spesialrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet bestilte i møte 24.11.2022 (PS 22/22) ny forvaltningsrevisjon:

«Vedtak:

1. *Kontrollutvalet ber Deloitte AS gjennomføra forvaltningsrevisjon av informasjonstryggleik og personvern.*
2. *Kontrollutvalet godkjenner samla timetal, inkl. opsjon, i forslag til prosjektplan.*
3. *Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapporten vert ferdig innan 15.08.2023 verifisert og inkludert rådmannen sin uttale.»*

Av prosjektplanen går det fram at føremålet med forvaltningsrevisjonen er:

Føremålet med prosjektet vil vere å undersøke om kommunen har tilfredsstillande system og rutinar for informasjonstryggleik og om etablerte standardar og gjeldande lovar og reglar blir etterlevd innan dette området. Videre er det eit føremål å undersøke i kva grad Tysnes kommune etterlever sentrale krav i personvernlovgjevinga.

Med bakgrunn i prosjektet sitt føremål har revisjonen formulert følgjande problemstillingar:

1. I kva grad har Tysnes kommune etablert styringssystem for informasjonstryggleik som tilfredsstillar krav i sentrale føresegner?
 - a) Er styrande dokument for informasjonstryggleik i samsvar med krav i regelverket?
 - b) Er det etablert klåre rutinar og ansvarsforhold knytt til informasjonstryggleik?
 - c) Har kommunen system for kontroll og etterprøving av informasjonstryggleik, og blir slik kontroll og etterprøving gjennomført?
2. I kva grad etterlever Tysnes kommune sentrale krav i personvernlovgjevinga?
 - a) Har kommunen utnemnt eit personvernombod og etablert personvernerklæring i samsvar med krav om dette i regelverket?
 - b) Fører kommunen protokoll over behandlingsaktivitetar av personopplysningar?
 - c) I kva grad blir det gjort risiko- og konsekvensvurderingar av behandling av personopplysningar der det er krav om dette?
 - d) I kva grad har kommunen oversikt over avvik knytt til personvern, og i kva grad blir slike avvik meldt til Datatilsynet?
3. I kva grad har dei tilsette i kommunen tilstrekkeleg kompetanse om informasjonstryggleik?
 - a) Er det etablert rutinar for å gje tilsette i kommunen opplæring i informasjonstryggleik?
 - b) I kva grad har dei tilsette i kommunen kjennskap til ev. retningslinjer og rutinar for informasjonstryggleik, og i kva grad blir desse etterlevd?

Metode

Deloitte utfører forvaltningsrevisjon i samsvar med gjeldande standard for forvaltningsrevisjon (RSK 001). Alle prosjekt blir kvalitetssikra i samsvar med krava til kvalitetssikring i Deloitte Policy Manual (DPM).

Deloitte vil nytta dokumentanalyse, intervju spørreundersøkelse og verifisering/høyring som metode.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse for å gjennomføre forvaltningsrevisjonen. Når revisjonsrapport er levert og behandla i kontrollutvalet, skal utvalet innstille til kommunestyret, som gjer vedtak, jf. kommunelova § 23-3.

Vurderingar og verknader

Dette er første statusrapportering gjeldande dette prosjektet. Etter bestillinga kjem det fram at rapporten er ferdig innan 15.08.2023. Kontrollutvalet og kommunestyret vil få rapporten til handsaming i siste møte i denne valperioden.

Konklusjon

Om det ikkje kjem fram anna informasjon i møtet, vert det tilrådd å ta informasjonen til orientering.



Saksframlegg

Saksnr: 2022/102-5
Saksbehandlar: Helge Inge Johansen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Tysnes kommune, Kontrollutvalet	5/23	09.02.2023

Gjennomgang av møteprotokollar frå andre politiske utval

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar møteprotokollane som går fram av saksutgreiinga til orientering

Samandrag

Gjennomgang av møteprotokollar frå andre politiske utval er nyttig. Då kan utvalet halde seg orientert om kva som skjer i kommunen og andre politiske utval. Det vert tilrådd at kontrollutvalet tar ein gjennomgang av desse.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Helge Inge Johansen
spesialrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Gjennomgang av møteprotokollar frå politiske organ vert sett på saklista til kontrollutvalet til kvart møte. Møteprotokollane kan lastast ned frå Tysnes kommune si heimeside. Protokollane gjev primært informasjon om dei sakene som har vore til politisk handsaming. Kontrollutvalet kan be om nærare informasjon om enkeltsaker og drøfte ulike problemstillingar som ein finn av særleg interesse.

Kontrollutvalet har gjort vedtak om at ansvar for gjennomgang av møteprotokollar skal fordelast slik:

Politisk organ:	Kontrollutvalsmedlem:
Kommunestyret	Sigvard M. Madsen
Formannskapet	Lars Heine Kåsa
Tenesteutvalet	Kåre Haugland
Utval for landbruk og teknisk	Britt Ersvær

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse til å handsame sak om gjennomgang av møteprotokollar, jf. Kommuneleven § 23-2.

Vurderingar og verknader

Til dette møtet er det desse møteprotokollane som kan vera aktuell for gjennomgang.

- Kommunestyret 15.12
- Formannskapet 24.11 og 15.12
- Tenesteutvalet 22.11
- Utval for landbruk og teknisk 01.12

Konklusjon

Dersom det ikkje kjem fram noko spesielt i gjennomgang av protokollane, blir det tilrådd at kontrollutvalet tar møteprotokollane som går frem av saksutgreiinga over til orientering.



Saksframlegg

Saksnr: 2023/349-1
Saksbehandlar: Helge Inge Johansen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Tysnes kommune, Kontrollutvalet	6/23	09.02.2023

Bestilling av kurs frå Deloitte AS

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ber Deloitte gjennomføre kurs innan.....og ønskjer at kurset vert gjennomført i første halvår 2023.
2. Sekretariatet vert bedt om å ta seg av det praktiske med organisering og avvikling av kurset, gjerne i samarbeid med kommuneadministrasjonen

Samandrag

I siste møte i kontrollutvalet i 2022, vart det vedteke at kontrollutvalet ønskjer å bestilla kurs frå Delotte AS. Tysnes kommune har i avtalen med Deloitte AS at revisor skal halde kurs for kontrollutvalet sine medlemmar eller for medarbeidarar i administrasjonen, med eit omfang på 1 kursdag per år.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Helge Inge Johansen
spesialrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Kurstilbod 2023 frå Deloitte AS

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Tysnes kommune har avtale med Deloitte AS som revisor med verknad frå 01.07.2020. I kontrakten som er inngått går dette fram av vedlegg A kravspesifikasjon punkt 3.3 opplæring:

«REVISOR skal leggje fram for kontrollutvalet tilbod om og gjennomføring kurs, for utvalet sine medlemmar, politisk nivå og/eller for medarbeidarar i administrasjonen. Tema skal avtalast med kontrollutvalet ved det einskilde høve. Omfang skal reknast til 1 kursdag pr. år, t.d. 2 kurs og 2 timar»

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse til å vedta gjennomføring av naudsynte kurs innan vedteke budsjetttramme, jf. kommunelova § 23-2 og forskrift om kontrollutval og revisjon § 2.

Vurderingar og verknader

Deloitte AS vart vald som ny revisor for Tysnes kommune, og avtalen som revisor gjeld frå 01.07.2020. Det vart ikkje gjennomført kurs i 2021 og 2022, grunna pandemi.

Kursoversikt 2023 frå Deloitte AS er vedlagt saka.

Konklusjon

Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet diskuterer kva kurs dei vil at Deloitte skal gjennomført første halvår 2023.

2023 er valår, og nytt kontrollutval vil mest sannsynleg kome på plass i løpet av oktober.

Sekretariatet tilrår at det vert diskutert i kva grad det er mogleg å bestilla to kurs i år eit for dette kontrollutvalet og eit for det nye kontrollutvalet. Dette vert innanfor gjeldande avtale om kontrollutvalet bestiller eit kurs å 2 timer. Nytt kontrollutvalet vil då ha tilgjengeleg 1 kurs å 2 timer.

Vidare bør utvalet be sekretariatet ta seg av det praktiske med organisering og avvikling av kursa, gjerne i samarbeid med kommuneadministrasjonen

Deloitte.



Kurstilbud frå Deloitte

2023

	Tema	Stikkord
1	Innføring i rekneskap	<ul style="list-style-type: none"> – Grunnleggande innføring
2	Offentlege anskaffingar	<ul style="list-style-type: none"> – Kva er hovudprinsippa i regelverket?
3	Meirverdiavgift og meirverdiavgiftskompensasjon	<ul style="list-style-type: none"> – Innføring i kompensasjonsordninga – Praktiske eksempel
4	Justeringsplikt og -rett	<ul style="list-style-type: none"> – MVA. ved (fylkes-)kommunens overtaking av bygg og anlegg
5	Habilitet	<ul style="list-style-type: none"> – Kurset gjev ei innføring i regelverk knytt til habilitet, korleis habilitetsvurderingar kan gjerast og korleis det kan etablerast gode rutinar for å sikre at tilsette og folkevalde ikkje handsamar saker der dei er inhabile
6	Arkivering, journalføring og offentlegheit	<ul style="list-style-type: none"> – Innføring i ulike lovkrav (arkiv- og journalplikt, innsynsrett) – Typiske utfordringar
7	Utvalgte tema knytt til forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll	<ul style="list-style-type: none"> – Kva er forvaltningsrevisjon og/eller eigarskapskontroll? – Korleis gjere ei god bestilling? – Korleis følge opp gjennomført revisjon?
8	Roller, rolleforståing og ansvar i kontrollarbeidet	<ul style="list-style-type: none"> – Kva er kontrollutvalets rolle og ansvar i kontrollarbeidet? – Kva er kommunestyrets rolle og ansvar i kontrollarbeidet? – Kva er administrasjonens rolle og ansvar i kontrollarbeidet?
9	Roller og rolleforståing i eigarskapsforvaltning	<ul style="list-style-type: none"> – Innføring i ulike selskapsformer – Roller og rolleforståing – Kva roller har eigarrepresentantar, valde styremedlemmer, osv.

	Tema	Stikkord
10	Avstemming av rekneskapen	<ul style="list-style-type: none"> - Kva bør ei avstemming innehalde? - Kor ofte bør avstemmingar utarbeidast? - Kva avstemmingar skal utarbeidast? - Kva regelverk gjeld på området?
11	Økonomisk internkontroll	<ul style="list-style-type: none"> - Fullmakter - Kontroller
12	Organisatorisk internkontroll	<ul style="list-style-type: none"> - Kva er internkontroll? - Korleis oppnå tilfredsstillande internkontroll?
13	Innberetning av løn	<ul style="list-style-type: none"> - Kva ytingar er avgiftspliktige og kva er oppgåvepliktige?
14	Investeringsrekneskap	<ul style="list-style-type: none"> - Krav til investeringsrekneskap - Skille mellom driftsrekneskap og investeringsrekneskap - Kva skal bokførast i driftsrekneskapen? - Kva kriterium skal vere oppfylt for bokføring i investeringsrekneskapet?
15	Andre rekneskapsmessige problemstillingar	<ul style="list-style-type: none"> - Tilpassast etterspurnad og behov
16	Leverandørrevisjonar - kva er kontrollutvalet si oppgåve og korleis skil desse seg frå andre revisjonar?	<ul style="list-style-type: none"> - Sjå i samband med nye innsynsmoglegheiter i kommunelova
17	Kommunelova (utvalde deler) og tilhøyrande forskrifter	<ul style="list-style-type: none"> - Kva er dei viktigaste endringane frå tidlegare lov? - Her kan vi sjå nærare på utvalde delar
18	Prosjektstyring og prosjektoppfølgjing	<ul style="list-style-type: none"> - Suksuessfaktorar - Fallgruver
19	Medlem i kontrollutvalet	<ul style="list-style-type: none"> - Kva for rolle og ansvar har ein som medlem i kontrollutvalet?



Deloitte refers to one or more of Deloitte Touche Tohmatsu Limited (“DTTL”), its global network of member firms, and their related entities (collectively, the “Deloitte organization”). DTTL (also referred to as “Deloitte Global”) and each of its member firms and related entities are legally separate and independent entities, which cannot obligate or bind each other in respect of third parties. DTTL and each DTTL member firm and related entity is liable only for its own acts and omissions, and not those of each other. DTTL does not provide services to clients. Please see www.deloitte.no to learn more.

Deloitte Norway conducts business through two legally separate and independent limited liability companies; Deloitte AS, providing audit, consulting, financial advisory and risk management services, and Deloitte Advokatfirma AS, providing tax and legal services.

Deloitte is a leading global provider of audit and assurance, consulting, financial advisory, risk advisory, tax and related services. Our global network of member firms and related entities in more than 150 countries and territories (collectively, the “Deloitte organization”) serves four out of five Fortune Global 500® companies. Learn how Deloitte’s approximately 312,000 people make an impact that matters at www.deloitte.no.

This communication contains general information only, and none of Deloitte Touche Tohmatsu Limited (“DTTL”), its global network of member firms or their related entities (collectively, the “Deloitte organization”) is, by means of this communication, rendering professional advice or services. Before making any decision or taking any action that may affect your finances or your business, you should consult a qualified professional adviser.

No representations, warranties or undertakings (express or implied) are given as to the accuracy or completeness of the information in this communication, and none of DTTL, its member firms, related entities, employees or agents shall be liable or responsible for any loss or damage whatsoever arising directly or indirectly in connection with any person relying on this communication. DTTL and each of its member firms, and their related entities, are legally separate and independent entities.



Saksframlegg

Saksnr: 2022/97-4
Saksbehandlar: Helge Inge Johansen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Tysnes kommune, Kontrollutvalet	7/23	09.02.2023

Årsmelding for kontrollutvalet sitt arbeid i 2022

Forslag til innstilling

Kommunestyret godkjenner årsmelding 2022 for kontrollutvalet.

Samandrag

Sekretariatet har laga forslag til utvalet si årsmelding for 2022. Årsmeldinga frå kontrollutvalet må reknast som ein del av den lovpålagte rapporteringa frå utvalet til kommunestyret.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Helge Inge Johansen
spesialrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Sekretariatet har utarbeida forslag til årsmelding for kontrollutvalet 2022. Årsmeldinga er ein lekk i rapporteringa frå utvalet til kommunestyret. Sjå kommunelova § 23-5 som seier:

«Kontrollutvalget skal rapportere resultatene av sitt arbeid til kommunestyret eller fylkestinget. I saker som skal oversendes til kommunestyret eller fylkestinget, skal kommunedirektøren gis anledning til å uttale seg før kontrollutvalget behandler saken.»

Vedtakskompetanse

Det er kommunestyret som har vedtakskompetanse i saker som vert rapportert frå kontrollutvalet, jf. kommunelova § 23-5 der det står dette:

«Kontrollutvalget skal rapportere resultatene av sitt arbeid til kommunestyret eller fylkestinget.»

Vurderingar og verknader

Ettersom årsmeldinga også fungerer som ei rapportering til kommunestyret, vert det lagt opp til endeleg handsaming av årsmeldinga der.

Konklusjon

Kontrollutvalet tilrår at kommunestyret godkjenner årsmeldinga



TYSNES KOMMUNE

ÅRSMELDING 2022

FOR

KONTROLLUTVALET



1 Føremål og oppgaver for kontrollutvalet

Føremålet med kontrollutvalet sitt arbeid er å medverke til at det vert allmenn tillit til at kommunen sine oppgaver vert løyst på best mogleg måte, og i samsvar med gjeldande lover og forskrifter.

I kommunelova § 23-1 står det m.a.:

Kontrollutvalget skal påse at

- a) kommunens eller fylkeskommunens regnskaper blir revidert på en betryggende måte*
- b) det føres kontroll med at den økonomiske forvaltningen foregår i samsvar med gjeldende bestemmelser og vedtak*
- c) det utføres forvaltningsrevisjon av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet, og av selskaper kommunen eller fylkeskommunen har eierinteresser i*
- d) det føres kontroll med forvaltningen av kommunens eller fylkeskommunens eierinteresser i selskaper mv. (eierskapskontroll)*
- e) vedtak som kommunestyret eller fylkestinget treffer ved behandlingen av revisjonsrapporter, blir fulgt opp. at kommunen har en forsvarlig revisjonsordning.*

2 Samansetjing av kontrollutvalet

Kontrollutvalet for valperioden 2019 – 2023 er slik samansett:

Medlemmer :

Lorentz Lunde, (Krf), leiar

Britt Ersvær (Ap), nestleiar

Lars Heine Kåsa (Sp)

Kåre Haugland (Frp)

Sigvard Michael Madsen (H)

Varamedlemmer :

1. Lars Enes
2. Monica Lavik Frøkedal

1. Gerhard Stoltz

1. Linn Frøkendal
2. Helge Hauge

1. Marit Gunn Daland

1. Egil Bjarne Berge
2. Ingrid Sunde
3. Kirsten Gunn Epland

I følgje lova skal minst ein av medlemmane i kontrollutvalet og vera medlem av kommunestyret. Sigvard Michael Madsen er kommunestyremedlem.

3 Om verksemda til kontrollutvalet i 2022

- Kontrollutvalet hadde 4 møter og handsama 26 saker i 2022.
- Ordførar har møterett i kontrollutvalet.
- Rådmann og andre tilsette i kommunen har møtt for å informera til kontrollutvalet, når dei har vorte innkalla.
- Revisjonen har og møtt på møta i kontrollutvalet.
- Kontrollutvalet har fått tilgang til den informasjonen det har vorte bede om.

4 Sekretariatsordninga

I kommunelova § 23-7 Sekretariatet står det dette:

Kommunestyret og fylkestinget skal sørge for at kontrollutvalget får sekretariatsbistand som tilfredsstillende utvalgets behov.

Sekretariatet skal påse at de sakene som behandles av kontrollutvalget, er forsvarlig utredet, og at utvalgets vedtak blir iverksatt.

Sekretariatet skal være uavhengig av kommunens eller fylkeskommunens administrasjon og av den eller dem som utfører revisjon for kommunen eller fylkeskommunen.

Sekretariatsfunksjonen kan ikke legges til

a) ansatte i kommunen eller fylkeskommunen som har andre arbeidsoppgaver enn å være sekretær for kontrollutvalget

b) den som utfører revisjon for den aktuelle kommunen eller fylkeskommunen

c) medlemmer av kontrollutvalget, kommunestyret eller fylkestinget i den aktuelle kommunen eller fylkeskommunen.

Den som utfører sekretariatsoppgaver for kontrollutvalget, er direkte underordnet kontrollutvalget og skal følge de retningslinjer og pålegg som utvalget gir.

Kommunestyret og fylkestinget velger selv sekretariat for kontrollutvalget etter innstilling fra kontrollutvalget.

Sekretariat for kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune utfører sekretariatstenesta for kontrollutvalet i Tysnes kommune. Helge Inge Johansen har utført sekretær oppgaver på kontrollutvaldsmøta i 2022.

Sekretariat for kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune er også sekretariat for kontrollutvalet i fylkeskommunen, samt kontrollutvala i disse kommunane: Askøy, Austevoll, Bjørnafjorden, Bømlo, Eidfjord, Fitjar, Kvam, Kvinnherad, Samnanger, Stord, Ullensvang, Ulvik, Vaksdal og Øygarden. I tillegg til dette har sekretariatet også vore settesekretariat for Møre og Romsdal fylkeskommune sitt kontrollutval i deler av 2022. Vestland fylkeskommune/Hordaland fylkeskommune har utført sekretariatstenester for Tysnes kommune sidan 2008. Det er gjennomført konkurranse gjeldande sekretariatstenester for kommunane i Sunnhordland andre halvår 2022. Vestland fylkeskommune held fram som sekretariat for Tysnes kommune. Ny avtale gjeld frå 01.01.2023 til 01.01.2025, med opsjon 1 + 1 år.

5 Revisjonstenesta

Kontrollutvalet skal på vegne av kommunestyret ha tilsyn med den kommunale forvaltninga. Utvalet må halda seg orientert om kva saker revisjonen arbeider med og føra tilsyn med at revisjonsarbeidet er å jour og føregår i samsvar med forskrift og vedtak.

På grunnlag av revisjonen sine rapportar, rekneskapsplan og annan informasjon, har utvalet ført tilsyn med at forvaltninga er i samsvar med gjeldande lover, forskrifter og vedtak. Utvalet skal vidare i samarbeid med revisjonen gjennomføra ei systematisk vurdering av bruk og forvaltning av dei kommunale midlar, med utgangspunkt i oppgåver, ressursbruk og oppnådde resultat (forvaltningsrevisjon).

Til dagleg er det den valde revisor som utfører tilsynet og kontrollen mot kommunen, men kontrollutvalet har eit eige ansvar med å sjå til at arbeidet vert tilfredstillande utført. Kommunelova stiller krav om at utvalet sjølv må visa ei aktiv haldning. For å få utført det arbeid utvalet er pålagt, er ein avhengig av god kommunikasjon med kommunestyret, administrasjonen i kommunen og revisor. Samarbeidet har vore godt med dei aktuelle aktørar. Ansvarleg revisor har vore partner i Deloitte Unni-Renate Moe, som i tråd med regelverket har lagt fram eigenvurdering for at Deloitte er uavhengig i høve til Tysnes kommune.

Deloitte AS er revisor for Tysnes kommune. Noverande avtale er gjeldande frå 01.07.2020 og gjeld fram til og med 30.06.2024. Deloitte har lagt fram revisjonsmelding, slik kravet er, samt rapportar og annan informasjon om revisjonen sitt arbeid.

6 Arbeid med forvaltningsrevisjon.

Kommunelova § 23-2. Kontrollutvalgets ansvar og myndighet punkt c lyd slik:

«Kontrollutvalget skal påse at:

c) det utføres forvaltningsrevisjon av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet, og av selskaper kommunen eller fylkeskommunen har eierinteresser i.»

Vidare går det fram av kommunelova § 23-3. Forvaltningsrevisjon dette:

«Forvaltningsrevisjon innebærer å gjennomføre systematiske vurderinger av økonomi, produktivitet, regeletterlevelse, måloppnåelse og virkninger ut fra kommunestyrets eller fylkestingets vedtak.»

Kontrollutvalet vurderer m.a. kvaliteten i sakshandsaminga og om vedtak og premisser er tilstrekkeleg klårt utforma til at vedtaka kan effektuerast. I den nye kommunelova gjeld dette også internt i selskap som kommunen har eigarinteresser i. I punkta nedanfor kjem kort omtale av dei revisjonane innan dette feltet som kontrollutvalet har handsama i 2022.

6.1 Plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020 - 2024

Kommunelova § 23-3 Forvaltningsrevisjon lyd m.a. slik:

Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden, og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan som viser på hvilke områder det skal gjennomføres forvaltningsrevisjoner. Planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet og virksomheten i kommunens eller fylkeskommunens selskaper. Hensikten med risiko- og vesentlighetsvurderingen er å finne ut hvor det er størst behov for forvaltningsrevisjon.

Planen skal vedtas av kommunestyret og fylkestinget selv. Kommunestyret og fylkestinget kan delegerer til kontrollutvalget å gjøre endringer i planen.

Kontrollutvalet har i 2020, med god bistand frå Deloitte AS, gjennomført ei slik risiko- og vesentlegvurdering av kommunen si verksemd og av verksemda i kommunen sine selskap.

På bakgrunn av dette er det vidare utarbeidd ein plan for forvaltningsrevisjon som vart handsama i kommunestyret 15.12.2020 der det vart gjort slikt vedtak etter innstilling frå kontrollutvalet:

«Vedtak:

1. Forslag til plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020 – 2024 for Tysnes kommune vert vedteken slik den ligg føre, med endring ved at prioritet nr. 2 vert skyvd over til prioritet nr. 1 og omvendt.
2. Planen erstattar plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2016 – 2020.
3. Planen gjeld for resten av valperioden og fram til ny plan etter intensjonen vert vedteken i 2024.
4. Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å føreta endringar og omprioriteringar i planen, samt til å kunna definera og avgrensa konkrete prosjekt innafør dei utvalde områda i planen
5. Planen skal evaluerast minst ein gong i valperioden. Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å gjera denne evalueringa.
6. Kontrollutvalet skal rapportere resultatet av forvaltningsrevisjonar til kommunestyret etter kvart.»

I den vedtekte planen er desse prosjekta sett opp i slik prioritert rekkefølge etter at kommunestyret har endra på prioriteringa:

1. Sjukefråvær og personalforvaltning
2. Plan og byggesak
3. Informasjonstryggleik, personvern og GDPR
4. Styring av investeringsprosjekt
5. Barnevern
6. Kontrakt og leverandøroppfølging
7. Internkontroll og kvalitetsarbeid
8. Journalføring og arkivering
9. Innkjøp
10. Opplæringstilbodet til minoritetsspråklege

Rullering av plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020 - 2024

Kontrollutvalet vedtok i møte 13.10.2022 å ikkje gjennomføra rullering av plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020 – 2024.

6.2 Bestilte forvaltningsrevisjonar i år

Forvaltningsrevisjon av informasjonstryggleik og personvern

Kontrollutvalet bestilte ny forvaltningsrevisjon Informasjonstryggleik og personvern i møte 13.10.2022 og prosjektplanen vart vedteke i møte 24.11.2022.

«Vedtak:

1. *Kontrollutvalet ber Deloitte AS gjennomføra forvaltningsrevisjon av informasjonstryggleik og personvern.*
2. *Kontrollutvalet godkjenner samla timetal, inkl. opsjon, i forslag til prosjektplan.*
3. *Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapporten vert ferdig innan 15.08.2023 verifisert og inkludert rådmannen sin uttale.»*

Føremål med denne forvaltningsrevisjonen:

Føremålet med prosjektet vil vere å undersøke om kommunen har tilfredsstillande system og rutinar for informasjonstryggleik og om etablerte standardar og gjeldande lovar og reglar blir etterlevd innan dette området. Videre er det eit føremål å undersøke i kva grad Tysnes kommune etterlever sentrale krav i personvernlovgevinga.

Med bakgrunn i prosjektet sitt føremål har revisjonen formulert følgjande problemstillingar:

- 1 I kva grad har Tysnes kommune etablert styringssystem for informasjonstryggleik som tilfredsstillar krav i sentrale føresegner?
 - a Er styrande dokument for informasjonstryggleik i samsvar med krav i regelverket?
 - b Er det etablert klåre rutinar og ansvarsforhold knytt til informasjonstryggleik?
 - c Har kommunen system for kontroll og etterprøving av informasjonstryggleik, og blir slik kontroll og etterprøving gjennomført?
- 2 I kva grad etterlever Tysnes kommune sentrale krav i personvernlovgevinga?
 - a Har kommunen utnemnt eit personvernombod og etablert personvernerklæring i samsvar med krav om dette i regelverket?
 - b Fører kommunen protokoll over behandlingsaktivitetar av personopplysningar?
 - c I kva grad blir det gjort risiko- og konsekvensvurderingar av behandling av personopplysningar der det er krav om dette?
 - d I kva grad har kommunen oversikt over avvik knytt til personvern, og i kva grad blir slike avvik meldt til Datatilsynet?
- 3 I kva grad har dei tilsette i kommunen tilstrekkeleg kompetanse om informasjonstryggleik?
 - a Er det etablert rutinar for å gje tilsette i kommunen opplæring i informasjonstryggleik?

b I kva grad har dei tilsette i kommunen kjennskap til ev. retningslinjer og rutinar for informasjonstryggleik, og i kva grad blir desse etterlevd?

6.3 Tidlegare gjennomførte forvaltningsrevisjonsprosjekt og oppfølging av desse.

Forvaltningsrevisjon av sjukefråvær og personalforvaltning

Kontrollutvalet handsama rapporten i møte 24.02.2022 og innstillinga frå kontrollutvalet vart vedteke av kommunestyret i møte 05.04.2022 (PS 10/2022) utan endingar. Handlingsplanen vart handsama av kontrollutvalet i møte 12.05.2022.

«Kommunestyret ber rådmannen om å:

1. *Vurdere å etablere differensierte måltal for sjukefråværet, herunder årlege sjukefråværs mål og mål for den enkelte eining*
2. *Sørge for at leiurar med ansvar for oppfølging av sjukefråvær jamleg får tilsendt sjukefråværsstatistikk og at statistikken blir brukt på arbeidsplassen*
3. *Vurdere å utvide registreringa av arbeidsrelatert sjukdom til meir enn arbeidsrelaterte personskadar og godkjent yrkessjukdom, til bruk i det førebyggjande arbeidet*
4. *Arbeide ytterlegare med å redusere sjukefråvær. Kommunen bør vurdere tiltak eller endringar i tiltak i einingar med høgt sjukefråvær over tid. Tiltaka må tilpassast situasjonen i den enkelte eining, og tilsette bør vere tett involvert i arbeidet for å sikre forankring og målretta tiltak.*
5. *Sørge for at leiurar får tilstrekkeleg opplæring når det gjeld sjukefråværsarbeid*
6. *Sørge for at alle medarbeidarar får tilbod om medarbeidarsamtalar*
7. *Vurdere – saman med verneomboda – om dei har fått tilstrekkeleg opplæring og tid for å kunne utføre vernearbeidet på ein forsvarleg måte, jf. arbeidsmiljølova*
8. *Sørge for at tiltak etter gjennomførte arbeidsmiljøkartleggingar i tilstrekkeleg grad blir følgt opp/evaluert*
9. *Etablere ein tilfredsstillande kultur og eit tilfredsstillande system for å melde og følgje opp avvik*
10. *Tydeleggjere eller vurdere endringar rundt dokumentasjonskrava for visse typar permisjonar*
11. *Kommunestyret ber om at det vert gjeve tilbakemelding (handlingsplan) til kontrollutvalet innan 25.april, om korleis vedtaka vert følgt opp, når tilaka vert sett i verk og kven som har ansvar for iverksettinga»*

Kontrollutvalet skal handsame oppfølging etter denne forvaltningsrevisjonen i første møte i 2023.

Forvaltningsrevisjon av Plan- og byggesakshandsaming

Kontrollutvalet handsama rapporten i møte 13.10.2022 og innstillinga frå kontrollutvalet vart vedteke av kommunestyret i møte 15.12.2022 (PS 34/2022) utan endingar.

«På bakgrunn av gjennomført forvaltningsrevisjon innan plan- og byggesakshandsaming ber kommunestyret rådmannen syte for:

1. *Å sikre at gjeldande fristar for sakshandsaming på tre og tolv veker i byggjesaker blir etterlevd*
2. *At det vert utarbeid system og rutinar som gjer det mogleg å halde felles oversikt over sakshandsamingstid og fristar i alle saker.*
3. *Å skriftleggjere og formalisere fordeling av roller, ansvar og oppgåver som gjeld plan- og byggesakshandsaming.*
4. *Å etablere rutinar for gjennomføring av jamlege risikovurderingar av arbeidsprosessar i plan- og byggesakshandsaming, som grunnlag for utforming av sakshandsamingsrutinar og kontrollar av kvalitet i sakshandsaming.*
5. *Å sikre at felles rutinar, sjekklister og vedtaksmalar for plan- og byggesakshandsaming, samt*

for gjennomføring av tilsyn og ulovlegheitsoppfølging, er tilstrekkeleg godt kjent og blir nytta av alle tilsette.

6. Iverksette kontroll av at rutinar/sjekklistar/malar blir nytta og etterlevd.
7. At det vert utarbeid rutinar for som sikrar at det blir gjennomført kvalitetssikring av alle saker som blir handsama og vedtak som blir fatta.
8. Å sikre at det vert utarbeidd rutinar for å dokumentere habilitetsvurderingar som blir utført i samband med sakshandsaming av plan- og byggjesaker
9. Å oppdatere strategi for gjennomføring av tilsyn med at byggetiltak blir gjennomført i samsvar med løyve og føresegn i regelverk.
10. At det vert etablert eit meir systematisk arbeid med kompetanse, læring og forbetring som sikrar at kommunen til ein kvar tid har tilgang på naudsynt kompetanse.
11. Å sikre at plan- og byggjesaksavdelinga sine nettsider vert gjennomgått og utbetra, og sørge for å gjera det enklare for søkjarar å få oversikt over relevant informasjon om saksgang og kommunen sine krav til søknadar og planforslag.
12. Å sikre at arbeid med samanstilling og innrapportering av grunnlagsdata som skal inngå i sjølvkostkalkylar på plan- og byggjesaksområdet, vert formalisert og rutinefesta.
13. Å lage ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet sitt første møte i 2023, med frist 15.01.2023, som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvar for iverksettinga.»

Kontrollutvalet skal handsama handlingsplanen i første møte i 2023.

7 Arbeid med eigarskapskontroll

I gamal kommunelov var dette omtala som selskapskontroll som innebar både forvaltningsrevisjon i kommunen sine selskap og kommunen si eigaroppfølging av selskapa.

Etter ny kommunelov er det no slik at forvaltningsrevisjon i kommunen sine selskap skal inngå i plan for forvaltningsrevisjon som er omtala i punkt 6 framanfor.

Kommunelova § 23-2. Kontrollutvalgets ansvar og myndighet punkt d lyd slik:

«Kontrollutvalget skal påse at:

d) det føres kontroll med forvaltningen av kommunens eller fylkeskommunens eierinteresser i selskaper mv. (eierskapskontroll).»

Vidare går det fram av kommunelova § 23-4. Eierskapskontroll dette:

«Eierskapskontroll innebærer å kontrollere om den som utøver kommunens eller fylkeskommunens eierinteresser, gjør dette i samsvar med lover og forskrifter, kommunestyrets eller fylkestingets vedtak og anerkjente prinsipper for eierstyring.»

7.1 Plan for eigarskapskontroll for perioden 2020 – 2024

Kommunelova § 23-4 Eigarskapskontroll lyd slik:

«Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden, og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for hvilke eierskapskontroller som skal gjennomføres. Planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens og fylkeskommunens eierskap. Hensikten med risiko- og vesentlighetsvurderingen er å finne ut hvor det er størst behov for eierskapskontroll.

Planen skal vedtas av kommunestyret og fylkestinget selv. Kommunestyret og fylkestinget kan delegerere til kontrollutvalget å gjøre endringer i planen.»

Kontrollutvalet har i 2020, med god bistand frå Deloitte AS, gjennomført ei slik risiko- og vesentlegvurdering av kommunen sin eigarskap i selskap.

På bakgrunn av dette er det vidare utarbeidd ein plan for eigarskapskontroll som vart handsama i kommunestyret 15.12.2020 der det vart gjort slikt vedtak etter innstilling frå kontrollutvalet:

«Vedtak:

1. *Forslag til plan for eigarskapskontroll for perioden 2020 – 2024 for Tysnes kommune vert vedteken slik den ligg føre.*
2. *Planen erstattar plan for selskapskontroll for perioden 2016 – 2020.*
3. *Planen gjeld for resten av valperioden og fram til ny plan etter intensjonen vert vedteken i 2024.*
4. *Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å foreta endringar og omprioriteringar i planen, samt til å kunna definera og avgrensa konkrete prosjekt innanfor dei utvalde områda i planen.*
5. *Planen skal evaluerast minst ein gong i valperioden. Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet å gjera denne evalueringa.*
6. *Kontrollutvalet skal rapportera resultatet av eigarskapskontrollar til kommunestyret.»*

I den vedtekne planen er dette prosjektet sett opp under prioritert prosjekt:

1. Overordna eigarskapsforvaltning i kommunen

Rullering av plan for eigarskapskontroll for perioden 2020 - 2024

Kontrollutvalet vedtok i møte 13.10.2022 å ikkje gjennomføra rullering av plan for eigarskapskontroll for perioden 2020 – 2024.

7.2 Gjennomførte eigarskapskontroll

Det er ikkje gjennomført eigarskapskontroll eller bedriftsbesøk i 2022, i nokon av dei selskap som kommunen har eigarskap i.

8 Arbeid med rekneskapsrevisjon

Kontrollutvalet handsama sak om årsrekneskap og årsmelding i maimøtet, der kontrollutvalet som ein del av saka gjev ein uttale til årsrekneskapen.

Det vart mellom anna omtalt i uttalen:

Av rekneskapen for 2021 har kontrollutvalet merka seg eit netto positivt driftsresultat med kr 10.316.901 som utgjer eit netto resultatgrad på 3,13 % (Sett opp mot sum driftsinntekter). Gjennomsnitt for alle kommunane i Norge ligg ifølge opplysningar fra SSB på netto resultatgrad på 4,3 % i 2021. Teknisk beregningsutvalg for kommunal og fylkeskommunal økonomi (TBU) tilrår at ein over tid bør ha netto resultatgrad på 1,75 % for å ha ei forsvarleg økonomisk drift.

For Tysnes kommune har netto resultatgrad vore slik dei siste 5 åra: 2017 (+ 4,88 %), 2018 (+ 3,51 %), 2019 (+1,86 %), 2020 (+ 0,48 %) og 2021(3,13 %) sjå graf nedanfor. Som vi ser av desse tala har kommunen eit resultat som i 2021 er positivt. Det er sterkare enn tilrådingane frå TBU og litt svakare enn snittet i kommunane. Netto driftsresultat viser kva ein har igjen etter at alle driftsutgifter, inklusive renter og avdrag er dekkja. Driftsresultatet påverkar i stor grad kommunen sin handlefridom og evne til å tåle svingningar i økonomien.

Riksrevisjonen la 16.02.2015 fram Dokument 3:5 (2014 – 2015) «Riksrevisjonens undersøkelse av kommunenes låneopptak og gjeldsbelastning». Her er det undersøkt sammenhengen mellom høg lånegjeld i kommunane, sum driftsinntekter og disposisjonsfond. Riksrevisjonen tilrår at kommunane ikkje bør ha meir enn 75 % av driftsinntektene i lånegjeld. Ved å nytte Riksrevisjonen si tilnærming kjem ein fram til at Tysnes kommune har ei lånegjeld i 2021 tilsvarende 76 % av sum driftsinntekter, altså marginalt dårlegare enn tilrådinga frå Riksrevisjonen. Tilsvarende tal var 62,9 % i 2019 og 62,5 % i 2020. Tilsvarende er disposisjonsfondet på 21,50 % av driftsinntektene. Riksrevisjonen tilrår her minst 5%.

Kommunen si gjeldsbelastning finn ein ved å sjå på netto rente og avdragsutgifter i prosent av driftsinntektene. I 2020 finn vi at denne gjeldsbelastninga er på 3,92 %. Sekretariatet er ikkje kjent med om Tysnes kommune har eit eige måltal her, men statsforvaltaren i Nordland meiner dette bør vera under 5%.

Rådmann har lagt fram ei årsmelding som gjev ei god skildring av drifta av kommunen i 2021.

Oppsummering/tilråding frå kontrollutvalet

- Netto driftsresultat er på 3,13 % av driftsinntektene, tilrådinga frå TBU er minst 1,75%
- Gjeldsgrad er berekna til 76 % av driftsinntektene, Riksrevisjonen tilrår maks 75%
- Gjeldsbelastning er berekna til 3,92 % av driftsinntektene. Statsforvaltaren i Nordland tilrår at gjeldsgraden ikkje overstig 5 %.
- Disposisjonsfond er berekna til 21,50 % av driftsinntektene, Riksrevisjonen si tilråding er på minst 5%

9 Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT)

FKT er ein landsomfattande organisasjon som har som oppgåve å vera møte- og kompetanseplass for kontrollutvala og deira sekretariat. Kontrollutvalet i Tysnes kommune er medlem i FKT. FKT arrangerar fagkonferansar, samt utarbeidar ulike vegleiarar, bl.a. om «Kva kan ein forvente av oppgåveutføring og kompetanse frå sekretariatet». Nyheitsbrev frå FKT med aktuelle tema for kontrollutvalet sitt arbeid er og lagt fram som meldingar til kontrollutvalet.

10 Opplæring

Lorentz Lunde og Kåre Haugland deltok på folkevaldopplæringa i 2022. Det var Vestland fylkeskommune som arrangerte.

Deloitte AS skal halde kurs for kontrollutvalet i 2023.

11 Kontrollutvalet på kommune si heimeside.

Informasjon om kontrollutvalet på heimesida er lagt til rette på ein god måte, men det er noko manglande informasjon om kontrollutvalet og møta. Dette har og vorre diskutert på nokre av møta. Administrasjonen har starta opp eit forbetningsarbeid.

Kommunestyret, alle hovudutval, og også kontrollutvalet brukar lese Brett på møta, og får innkalling til møter elektronisk. For å nytta denne arbeidsmåten i politiske utval er det ein føresetnad at heimesida er godt tilrettelagt og at innkallingar og protokollar vert lagt ut.

12 Tilsyn frå Statsforvaltaren.

Når til dømes Statsforvaltaren gjennomfører tilsyn i kommunane, vert det utarbeida rapport etter tilsynet, som vert sendt til kommunen. I rapportar etter slik gjennomgang av

tenesteområde, gjev Statsforvaltaren tilråding, melding eller pålegg til kommunen om kva som bør følgjast opp innanfor saksfeltet. Når påpeikingane er følgd opp og utført på ein tilfredsstillande måte, sender Statsforvaltaren melding om at tilsynssaka er avslutta.

Kontrollutvalet har ikkje handsama tilsynsrapportar i 2022.

13 Andre saker handsama av kontrollutvalet

Døme på andre saker kontrollutvalet har handsama i 2022, lista er ikkje uttømmende:

- Årsmelding 2021 for kontrollutvalet
- Budsjett 2023 for kontrollutvalet
- Henvendingar til kontrollutvalet
- Kommunaløkonomisk berekraft

Tysnes 09. februar 2023.

Lorentz Lunde
leiar i kontrollutvalet



Saksframlegg

Saksnr: 2022/105-2
Saksbehandlar: Helge Inge Johansen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Tysnes kommune, Kontrollutvalet	8/23	09.02.2023

Møteplan 2023 for kontrollutvalet

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet vedtek slik møteplan for 2023:
09.02.2023
30.03.2023
11.05.2023
05.10.2023
23.11.2023

Samandrag

I dette møte skal kontrollutvalet vedta møteplan for 2023. Møta må tilpassast ut i frå om sakene skal vidare til formannskapet og kommunestyret.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Helge Inge Johansen
spesialrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Det er praktisk at møtetider i kontrollutvalet er tilpassa saker som eventuelt skal vidare til formannskap og kommunestyre. I utgangspunktet er det planlagt med 5 møter, men kontrollutvalet vel sjølv ut i frå aktivitet kor mange møter ein må ha.

Kommunestyret har vedteke møteplanen for første halvår i 2023. Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet vedtek møteplan også for andre halvår.

Vedtakskompetanse

Det er kontrollutvalet som har vedtakskompetanse til å vedta eigen møteplan, jf. Kommuneleva § 23-2.

Vurderingar og verknader

Deler av møteplanen for Tysnes kommune for 2023 er lagt inn i tabellen.

Utkast til møteplan for KUV	Aktuelle saker å ta opp:	Aktuelle møter, dersom saker skal vidare til:	
		Formannskapet	Kommunestyret
09.02.2023	Årsmelding 2022 for kontrollutvalet		28.02.2023
30.03.2023	Konkurranserevisjonstenester – fullmakt til kontrollutvalet	01.06.2023	15.06.2023
11.05.2023	Uttale til kommunerekneskapen	01.06.2023	15.06.2023
05.10.2023	Konkurranserevisjonstenester Forvaltningsrevisjon innan Informasjonstryggleik og personvern - revisjonsrapport Budsjett 2023 – for kontrollutvalet		
23.11.2023	Nytt kontrollutval		

Konklusjon

Kontrollutvalet vedtek møteplanen for 2023 slik den ligg føre.



Saksframlegg

Saksnr: 2022/95-5
Saksbehandlar: Helge Inge Johansen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Tysnes kommune, Kontrollutvalet	9/23	09.02.2023

Eventuelt

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

Samandrag

Det vert lagt opp til å ha eventuelt på saklista for å ivareta det enkelte medlem i utvalet si mogelegheit til sjølv å ta opp saker eller for å gje utvalet mogelegheit til å gjere vedtak i saker som ikkje er på saklista.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Helge Inge Johansen
spesialrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Vedtak i kontrollutvalet 09.03.2020 i PS 9/20 der utvalet vedtok å ha eventuelt som sak i kvart møte.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse i denne saka, jf. kommunelova § 11-3 og § 23-2.

Vurderingar og verknader

Dersom det blir tatt opp saker som krev nærare undersøkingar, eller innhenting av fleire opplysningar, før ein kan konkludere med at det er ei sak for kontrollutvalet, bør utvalet be sekretariatet førebu sak om dette til neste møte.

Konklusjon

Føremålet med saka er å gje opning for å få nærare undersøkingar av saker som kontrollutvalet ynskjer å få utgreidd til neste møte, eventuelt til eit seinare møte i utvalet. Saka kan utover dette nyttast til å be om orienteringar frå rådmannen eller andre i eit seinare møte.

Fra: Helge Inge Johansen[Helge.Inge.Johansen@vlfk.no]
Sendt: 01.02.2023 10:24:11
Til: Helge Inge Johansen[Helge.Inge.Johansen@vlfk.no]
Tittel: VS: Invitasjon til FKTs fagkonferanse 31. mai -1. juni

Fra: Forum for kontroll og tilsyn <fkt@fkt.no>
Sendt: mandag 16. januar 2023 11:59
Til: Hogne Haktorson <Hogne.Haktorson@vlfk.no>
Emne: Invitasjon til FKTs fagkonferanse 31. mai -1. juni



Forum for
kontroll og tilsyn

Invitasjon til fagkonferanse

Medlemmer av kontrollutvalg, kontrollutvalgssekretærer, ordførere, kommunedirektører og ellers alle med interesse for kontrollarbeid i kommunal sektor:

**Velkommen til
Scandic Lerkendal, Trondheim 31.- mai - 1. juni**



På årets konferanse spør vi om

kommunene er godt nok rustet i en urolig tid med krig, dyrtid og klimaendringer?

- Er beredskapen i kommunen god nok?
- Er kommunen beskyttet mot korrupsjon og økonomisk kriminalitet?
- Det er kommunestyre- og fylkestingsvalg til høsten. Derfor er det aktuelt å spørre om vi er sikre på om vi kan gjennomføre valg på en trygg måte uten påvirkning?
- Hva med personvernet? Er kommunen beskyttet mot hacking og cyberangrep?

Samtidig er det krav til kommunene om godt ytringsklima og åpenhet.

- Hvordan står det egentlig til med åpenheten i norske kommuner?
- Ytringsfrihetskommisjonen mener at kommuner som sliter med åpenheten må lage en tiltaksplan som skal sikre at offentlighetsloven og arkivloven etterleves.
- Hva betyr åpenhetsloven for kommunene?

Ved å klikke på knappen under, finner du mer informasjon om programmet, innledere og påmelding.

[Mer informasjon og påmelding](#)



Copyright © 2023 Forum for kontroll og tilsyn, All rights reserved.

Du mottar e-post fra Forum for kontroll og tilsyn fordi du har meldt deg på vårt nyhetsbrev.

Vår epostadresse:

Forum for kontroll og tilsyn
Kristian Augusts Gate 14
Oslo, Oslo 0164
Norway

[Add us to your address book](#)

Vil du endre hvordan du mottar nyhetsbrev fra oss?

Du kan [oppdatere dine innstillinger](#) eller [melde deg av vårt nyhetsbrev](#)



Fra: Helge Inge Johansen[Helge.Inge.Johansen@vlfk.no]
Sendt: 02.02.2023 09:18:59
Til: Helge Inge Johansen[Helge.Inge.Johansen@vlfk.no]
Tittel: VS: Sekretariat for kontrollutvalet frå 01.01.2023.

Fra: Hogne Haktorson <Hogne.Haktorson@vlfk.no>
Sendt: onsdag 25. januar 2023 09:01
Til: Fredrik Ugland Litleskare <fredrik.litleskare@sklbb.no>; Litleskare, Fredrik <fredrik.litleskare@akersolutions.com>; knut@kf-consulting.no; lorentz.lunde@haugnett.no; r-ravna@online.no; bjorg.tislevoll@no.abb.com
Kopi: Stord kommune <post@stord.kommune.no>; Kvinnherad kommune <post@kvinnherad.kommune.no>; Tysnes Kommune <post@tysnes.kommune.no>; 'Bømlo kommune' <postmottak@bomlo.kommune.no>; Fitjar kommune <fitjar@fitjar.kommune.no>; Helge Inge Johansen <Helge.Inge.Johansen@vlfk.no>; Kjartan Haugsnes <Kjartan.Haugnes@vlfk.no>; Roald Breistein <Roald.Breistein@vlfk.no>; Einar Kåre Ulla <Einar.Kare.Ulla@vlfk.no>
Emne: Sekretariat for kontrollutvalet frå 01.01.2023.

Kontrollutvalsleiar i kommunane
Stord, Kvinnherad, Bømlo, Fitjar og Tysnes.

Takk for tilliten gjennom at Vestland fylkeskommune v/ Sekretariat for kontrollutvalet har fått oppdraget med å vera sekretariat for 5 kontrollutval i Sunnhordland for ein ny avtaleperiode, gjeldande frå 01.01.2023.

Me ser fram til å fortsetta det gode samarbeidet som me opplever å ha, i det nye året.

Det er dei same medarbeidarane våre som kommunen forheldt seg til i 2022 som er kontaktperson vidare inn i 2023.

Med helsing

Hogne Haktorson
kontrollsjef

sekretariat for kontrollutvalet



tlf: 91 10 59 82
www.vestlandfylke.no

Ver merksam på at all dialog på e-post kan bli journalført.